SURNADAL KOMMUNE

Høyring økonomi-og handlingsplan 2027 – 2030 – Formannskapets innstilling



Breibygda i all si prakt.

Foto: Ane Mogstad Strand

Kommunedirektøren har ordet



Med dette legg eg fram forslag til budsjett for 2027 og økonomi- og handlingsplan for perioden 2027-2030. Forslaget er resultatet av eit grundig og godt arbeid i administrasjonen, i tett samarbeid med dei ulike einingane våre.

Det er også for året 2027 eit budsjett som på mange område vil bli oppfatta som stramt.

Vi planlegg rekneskapsmessig å betale ned resten av det som var vårt udekka meirforbruk opparbeidd i 2024 i løpet av 2027, noko som er i tråd med opprinneleg plan. *Men* med bakgrunn i det udekka meirforbruket vi pådro oss i rekneskapen for året 2025, vil det ikkje blir sett av noko til disposisjonsfondet i forbindelse med budsjettet for 2027.

Som dei fleste er klar over har vi sett i gang ein stor omstillingsprosess; *Surnadal inn i framtida*. Denne omstillinga vil, om den blir vedtatt, sikre oss ein meir berekraftig tenesteproduksjon og derav ein meir berekraftig økonomi.

Vi har gjennom gode og krevjande tiltak, vedtekne i Kommunestyret inn i både åra 2025 og 2026, heldigvis fått ein god start på fleire tiltak og prosessar. Med *Surnadal inn i framtida* vil vi kunne omstille og organisere oss på ein måte som kan sikre gode og forsvarlege tenester, også inn i framtida. Men ja, det blir annleis enn det har vore på mange område.

I budsjettforslaget legg vi opp til eit omfattande løft, både når det gjeld investeringar og utvikling av tenestene våre. Det største prosjektet er Helsehuset. Eg skal ikkje gå nærare inn på sjølve prosjektet her. Det er grundig utgreidd og følgt opp av både intern og ekstern fagkompetanse, i tillegg til ei eiga plan- og byggenemnd.

Ei investering av denne storleiken vil føre til eit høgare lånenivå og auka utgifter som vi må finne rom for, både på kort og lang sikt. Samtidig må vi stille tydelege og høge krav til oss sjølve om å hente ut gevinstane av investeringa. Det gjeld både gode tenester, meir effektiv drift og økonomiske innsparingar. Som eg også understreka i fjor, må vi sørge for at dei ressursane vi har tilgjengelege, blir fordelte og brukte på best mogleg måte.

Vi står, som resten av Europa, overfor ei utvikling der ein stadig større del av befolkninga blir eldre. Samtidig går barnetalet ned, sjølv om nedgangen i Surnadal heldigvis ikkje er dramatisk på kort sikt. Men dette påverkar inntektene våre, og sannsynlege utgifter. Når vi får færre barn og unge, blir også overføringane knytt til denne aldersgruppa til kommunen gjennom inntektssystemet reduserte. Dette inneber ei forventning om at vi tilpassar tenestene og ressursbruken til dei endra behova og økonomiske rammene som vi får.

Vi må derfor sjå kommuneøkonomien og tenestetilbodet i samanheng. Skal vi møte framtidige behov og samtidig sikre ein berekraftig økonomi, må vi halde fram med å omstille oss og organisere tenestene våre på nye måtar.

Eg meiner at budsjettforslaget som no er lagt fram, saman med dei omstillingane og tiltaka som blir klargjorte i Surnadal inn i framtida, gir oss eit godt grunnlag for å møte desse utfordringane.

Surnadal 03.11.2026

Lars Inge Kvande
Kommunedirektør

Slik les du dokumentet

Økonomi- og handlingsplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument for dei kommande fire åra. Dokumentet bør lesast i samanheng, slik at ein ser korleis mål, tiltak og økonomiske prioriteringar heng saman.

Satsingsområde:

Satsingsområda er vedtekne i Surnadal kommune: Kommuneplanen sin samfunnsdel. På overordna nivå i organisasjonen er det lagt inn oppdrag knytt opp til satsingsområda.

Grunnlagstal budsjett 2027 og økonomisk utvikling i planperioden

Under desse kapitla finn ein oversikt over kva tal som er lagt til grunn for dei sentrale inntektene, finanskostnadar- og inntekter og forslag til rammetildeling til den enkelte eininga, både for 2027 og for planperioden 2027-2030.

Løyvingsoversikt drift og investering, og investeringar i økonomiplanen

Løyvingsoversiktene skal innehalde oppstillingane som nemnt i *Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv §§ 5-4 til 5-6.*

I dette kapittelet får ein oversikt over kommunedirektørens forslag til driftsrekneskap i løyvingsoversikt §5-4.1 ledd og §5-4 2 ledd, og investeringsrekneskap i løyvingsoversikt §5-5.1.ledd og §5-5. 2 ledd.

Under investeringar i planperioden får ein ei meir detaljert oversikt og forklaring på kva investeringar som ligg i løyvingsoversikt investering, i tillegg til forslag på korleis investeringane skal finansierast.

Kommunen sine tenesteområde:

Her kan ein lese om kvar eining, og beskriving av verksemnda i dag, utfordringar og moglegheiter. Kvar eining har også oppdrag dei skal løyse, og desse er tett knytt opp mot omstillingsplanen *Surnadal inn i framtida*. Forslag til rammetildeling ligg også på kvar eining.

Omstillingsplanen "Surnadal inn i framtida" - Tiltak

Kommunestyret i Surnadal kommune har i 2024 og 2025 vedteke fleire økonomiske tiltak for å redusere kommunen sine kostnader og tilpasse drifta til dei økonomiske rammene. Dei tiltaka som tidlegare er vedtekne, har vore viktige bidrag i arbeidet med å styrke kommunen sin økonomi.

Det blir no lagt fram ein samla omstillingsplan - *Surnadal inn i framtida* - med nye tiltak for vidare effektivisering og kostnadsreduksjon. Disse tiltaka blir utarbeidde med bakgrunn i oppdatert kunnskap om kommunen sine behov, utfordringar og moglegheiter.

Omstillingsplanen erstattar dei tidlegare vedtekne tiltaka frå 2024 og 2025. Dette inneber at vidare oppfølging og rapportering skal knytast til tiltaka i den nye planen, medan tidlegare vedtak om kostnadsreduserande tiltak blir rekna som avløyste av den samla omstillingsplana. (Les meir om dette på eige område i dokumentet)

Budsjettprosess 2027 og politiske vedtak

Vedtak i formannskapet 17.11.2026 sak 43/26

Innstilling:

Kommunedirektørens innstilling:

1) Kommunestyret vedtek at det med heimel i lov om eigedomsskatt §2 og §3 bokstav a, at det for 2027 skal skrivast ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen.

a) Den generelle satsen for eigedomsskatt settes i 2027 til 7 promille av gjeldande eigedomsskattetakst, jf Eigedomsskattelova §11. For bustader og fritidseigedomar settes skattetaksen til 4 promille (esktl. §12a).

b) I medhald av eigedomsskattlova § 7 blir eigedommar som er nevnt i § 7 bokstavene a og b er fritatt for eigedomsskatt. Liste over eigedomane som får fritak etter § 7 a og b, er vedlagt i saka.

c) Eigedomsskatten skrives ut i fire terminer, og blir krevd inn saman med kommunale avgifter, jamfør eigedomsskattelova §25.

d) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen vedtatte eigedomsskattevedtekter benyttast

e) Eigedomsskatteinntekta for 2027 blir fullt ut innarbeidd i driftsbudsjettet.

2) Kommunestyret vedtek satsar for brukerbetaling/ gebyr/ avgifter/ husleige mv, slik det er framstilt under området «gebyr – og prisliste» i det digitale dokumentet.

3) Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet for 2027 slik det er framstilt i Løyvingskjema § 5-4, første ledd, i tråd med det vedlagte digitale dokumentet.

4) Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet for 2027 med netto driftsrammer til enhetene, slik det er framstilt i løyvingskjema §5 -4, andre ledd, i tråd med det vedlagte digitale dokumentet

5) Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet for 2027 slik det er framstilt i løyvingskjema § 5- 5, første ledd, i tråd med det vedlagte digitale dokumentet.

6) Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet med forslag til investeringsprosjekt for 2027 slik det er framstilt i løyvingskjema § 5-5, andre ledd, i tråd med det vedlagte digitale dokumentet

7) Kommunestyret tek «oppdrag» og tekstdel lagt til kvart tenesteområde til orientering

8) Kommunestyret vedtek eit låneopptak på inntil kr. 140 000 000 for 2027, og eit låneopptak på kr. 5 mill til videreutlån (startlån).

9) Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å:

a) gjennomføre låneopptak, og evnt inngå avtale om kortsiktig driftskreditt eller likviditetslån på inntill 50 mill kroner i løpet av året ved behov, inkl godkjenning av lånevilkår etter gjeldande økonomireglement.

b) inngå langsiktige leigeavtalar, under føresetnad av at dei økonomiske forpliktingane ligg innanfor vedtekne budsjettrammer.

c) foreta budsjettregulering for fordeling av avsette lønsmidlar i tråd med endeleg lønsoppgjer for 2027.

d) gjere redaksjonelle endringar i tråd med endeleg vedtak i drifts – og investeringsbudsjettet

For forslaget stemte 9: Annett Ranes (AP), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Ole Joar Karlstad Bruset (H), Tor Rune Halset (H), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Silje Beate Holten (Sp).
Dermed ble innstillingen vedtatt.

Annett Ranes (Arbeiderpartiet) fremmet følgende tilleggsforslag:

Nytt punkt 10: Det er en forventning om at tiltak gjennom «Surnadal inn i fremtida» viser en klar vridning som er tilpasset den demografisk utviklingen kommunen kommer til å ha og våre KOSTRA tall. Det må komme tydelig frem at intensjoner i tidligere politiske vedtak blir ivaretatt. Videre skal tiltak kunne konkretiseres med virkning for regnskapet også i 2027.

For forslaget stemte 5: Annett Ranes (AP), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Ole Joar Karlstad Bruset (H), Tor Rune Halset (H).
Imot forslaget stemte 4: Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Silje Beate Holten (Sp).
Dermed ble tilleggsforslag vedtatt.

Ole Joar Karlstad Bruset (Høyre) fremmet følgende tilleggsforslag:

- Ikke tilby språkdeling på ungdomskolen med mindre det kommer krav fra flere enn 10 elever innen en gitt frist.

For forslaget stemte 9: Annett Ranes (AP), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Ole Joar Karlstad Bruset (H), Tor Rune Halset (H), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Silje Beate Holten (Sp).
Dermed ble tilleggsforslag vedtatt.

Ole Joar Karlstad Bruset (Høyre) fremmet følgende tilleggsforslag:

- Planlagt kutt innen grunnskole flyttes fra 2028 til høsten 2027. Halvårseffekt 2,5mill.

For forslaget stemte 5: Annett Ranes (AP), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Ole Joar Karlstad Bruset (H), Tor Rune Halset (H).
Imot forslaget stemte 4: Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Silje Beate Holten (Sp).
Dermed ble tilleggsforslag vedtatt.

Ole Joar Karlstad Bruset (Høyre) fremmet følgende tilleggsforslag:

- Ta ut Vollan fra investeringsplan fram til helhetlig plan og finansiering for Vollan er på plass.

For forslaget stemte 3: Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Ole Joar Karlstad Bruset (H).
Imot forslaget stemte 6: Annett Ranes (AP), Tor Rune Halset (H), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Silje Beate Holten (Sp).
Dermed ble tilleggsforslag ikke vedtatt.

Ole Joar Karlstad Bruset (Høyre) fremmet følgende tilleggsforslag:

- Innføre gebyr i Barnehage og SFO ved manglende oppmøte i ferier og planleggingsdager.

For forslaget stemte 9: Annett Ranes (AP), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Ole Joar Karlstad Bruset (H), Tor Rune Halset (H), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Silje Beate Holten (Sp).
Dermed ble tilleggsforslag vedtatt.

Ole Joar Karlstad Bruset (Høyre) fremmet følgende tilleggsforslag:

- Øke potten startlån fra 5mill til 8 mill. Tilbudet skal også gjøres bedre kjent.

For forslaget stemte 9: Annett Ranes (AP), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Ole Joar Karlstad Bruset (H), Tor Rune Halset (H), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Silje Beate Holten (Sp).
Dermed ble tilleggsforslag vedtatt.

Bjørg Aa (Høyre) fremmet følgende tilleggsforslag:

Bygging av vaskehall tas ut fra investeringsbudsjett.

For forslaget stemte 9: Annett Ranes (AP), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Ole Joar Karlstad Bruset (H), Tor Rune Halset (H), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Silje Beate Holten (Sp).
Dermed ble tilleggsforslag vedtatt.

Kommunestyret vedtok årshjul for 2026 den 10.februar i sak 7/26:

Budsjettprosess 2026: (gul markering er nye punkt i forhold til årshjul 2025)

Dato	Tema	Ansvarlig
10.februar	Vedta årshjul (etter evaluering av prosess i 2025)	Politisk / adm
30.april	Dialogkonferanse Administasjon, politikarar, media og andre aktuelle aktørar møtes med formål om å få ei felles forståing for kommunens situasjon med bakgrunn i foreløpig status i forhold til det som ser ut til å bli resultatet for året 2025.	Politisk / adm
15.mai	Kommuneprop. for 2027 leggast fram	
24 og 25.juni	Rammekonferanse Skisse av økonomiplan leggast fram for kommunestyret. - Effekt av tiltak i planperioden	Politisk / adm

	- Overordna styringssignal frå dei folkevalde Inkluder signaler frå sentrale myndigheter mv som kom i kommuneprop for 2027.	
juli/aug	Overføring av lønn - og detaljbudsjett. Overføring av lønnsdetaljer etter at lønnsoppgjøret er innlagt i HRM. Senest 31.august.	Adm
1.sept	Oppstart gjennomgang og tilpasning av lønn- og detaljbudsjett på enhetsnivå. Ansvar enhetsledere og kommunalsjefer, økonomisjef bistår. Frist: 30.september.	Adm
6.oktober	Statsbudsjettet legges fram	
16.okt - 1.nov	Ferdigstilling av forslag til (budsjett) økonomi- og handlingsplan 2027, 2028, 2029, 2030	Adm.
10,11 og 12. november	Økonomi- og handlingsplan 2026-2029 behandles i alle utval. - HTU - Råd for eldre - Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne - Ungdomsrådet - Administrasjonsutvalget - Arbeidsmiljøutvalget	Politisk/adm
17. november	Formannskapet behandler økonomi- og handlingsplan 2026-2029, og legger det ut på høring med frist 1.desember	Politisk
8. desember	Formannskapsmøte, kor høringsinnspela behandlast.	Politisk
17. desember	Endelig vedtak økonomi- og handlingsplan 2027-2030	Politisk

Surnadal inn i framtida

Surnadal kommunestyre vedtok i budsjettmøte 18.12.25 følgende punkt:

19. Surnadal Kommunestyret vedtek at:
For å ha nødvendige tiltak for å skape ein berekraftig økonomi ønsker vi ei utgreiing, med oversikt over konsekvensar av nedtrekk årsverk.
Nedtrekk i årsverk og effektuering av tabell 2, skal ha mål om å utgjere ca 20 årsverk i 2026.
Kartlegginga skal og ta innover seg ytterligere ca 15 årsverk i 2027.
Dette med utgangspunkt i dagens tenestenivå (594 årsverk pr 1.1.2026), skal vi da oppnå en reduksjon på ca 35 årsverk innen 2028.
Det skal leggast fram ei løypemelding på kommunestyremøtet i februar 2026, og ei endeleg sak på kommunestyremøtet i mars 2026.

Kommunedirektøren har vore tydeleg på at dette punktet må vi ha ekstern hjelp for å få gjennomført. I dialogkonferansen 30.april fekk kommunestyret presentert eit tilbud om omstillingsplan frå KS konsulent. Kommunestyret fekk ein grundig gjennomgang av korleis KS konsulent har tenkt å gjennomføre Fase 1 - økonomi- og tjenestanalyse. Surnadal kommune søkte samtidig om skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren, noko som vart innvilga.


Fase 1 vart igangsett, og resultat frå økonomi-og tjenestanalysen vart presentert for ansatte og tillitsvalde 4.juni. Same presentasjon fekk kommunestyret den 19. august.

Surnadal kommunestyre vedtok den 10.september i sak 41/26, å gjennomføre fase 2 av omstillingsarbeidet *Surnadal inn i framtida* i samarbeid med KS konsulent.

Fase 1 av omstillingsarbeidet har gitt kommunen eit godt felles kunnskapsgrunnlag om økonomiske utfordringar, tenestenivå og mogleg omstillingspotensial. Analysen i fase 1 peikar på behov for store og varige reduksjonar i driftsnivået/tenesteproduksjonen, og identifiserer fleire område som bør utgreiast nærare. Fase 2 inneber leiarutvikling, arbeidsverkstader, tiltaksgrupper og utarbeiding av ein samla omstillingsplan med konkrete tiltak, gevinstar og konsekvensvurderingar.

Kunnskapsgrunnlag og analyse for fase 1 vart presentert for kommunestyret 19. august som ein del av budsjettprosessen for 2027. Rapporten kan lesast her: Økonomi-og tjenestanalyse

I etterkant av vedtaket frå kommunestyret vart det funne 3 datoar for arbeidsverkstader, kor den siste arbeidsverkstaden er den 4.november. Under viser KS Konsulent korleis ein skal arbeide med fase 2 i arbeidsverkstader og tiltaksgrupper.



Det er så langt nedsett 9 tiltaksgrupper samansette av medlemmar frå mellom anna leiargruppa, einingsleiarar, avdelingleiarar og tillitsvalde.

I arbeidsverkstadene skal en søke å finne kva som er dei underliggende forklaringene på ressursbruken i kommunen.
Det er heilt avgjerande å ha gode prosessar som bidreg til å identifisere kva forhold som driv kostnadsnivået og kvaliteten i tenestene. Dette legg grunnlag for å gi anbefalingar om konkrete tiltak som skal bidra til praksisendringar som vil redusere utgiftsnivået.

Det kan grovt sett skiljast mellom seks dimensjonar som driv kostnader og kvalitet, illustrert bildet under.



Resultatet som dei 11 tiltaksgruppene kjem fram til skal leggast fram i ein samla omstillingsplan for kommunestyret før jul - *Surnadal inn i framtida*.
Omstillingsplanen vil bli det overordna dokumentet for tiltak og handlingsplan i planperioden 2027 - 2030.

Bilde under frå arbeidsgruppemøte 4.november



Grunnlagstal budsjett 2027

Sentrale driftsinntekter

	Beløp	Beskriving
Rammetilskot frå Staten	mill 317,7	Det samla rammetilskotet i statsbudsjettet er utrekna til 316,4 mill. Vi bruker tal frå KS prognose si berekning. I tillegg har Surnadal kommune fått 1,65 mill i ekstra skjønsmidlar frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal kor kr 1,25 mill er lagt til under frie inntekter og kr 0,4 mill er lagt til ansvar 100. (for deltaking i nettverk for bærekraftig kommuneøkonomi) Vil du lese meir om korleis rammetilskotet er berekna kan du lese her: Regjeringas forslag til frie inntekter for 2027
Inntekt- og formuesskatt	230,1 mill	Vi brukar tal frå KS prognose si berekning. Skatteinntektene for 2027 vil ikkje vere endeleg kjent før i januar 2028.
Eigedomsskatt vannkraftanlegg	8,0 mill	Grunnlaget for utrekninga kjem ikkje før månedskiftet nov/des, det er derfor lagt

	Beløp	Beskriving
		fram eit budsjettforslag med grunnlag i rekneskapet for 2026. Statkraft eig fire kraftverk i Surnadal - Gråsjøen, Svorka, Trollheim og Nordsvorka. Produksjonen frå desse anlegga utgjer størsteparten av eigedomsskatten på energianlegg. Formuesgrunnlaga på kraftstasjonane i Folldalen har vorte redusert dei siste åra, og dermed er inntekta redusert dei siste åra. Det er dessverre grunn til å tru at dette kan fortsette framover.
Eigedomsskatt bustader og fritidsbustader	19 mill	For skatteåret 2027 ligg det til grunn ein promillesats på 4,0 promille. Dei aller fleste eigedomane får skattetaksten utrekna frå bustadverdien av formuesgrunnlaget frå Skatteetaten. I dag legg vi til grunn bustadverdiar på ca 2 100 bustader frå skattetaten sitt formuesgrunnlag. Dette utgjer ca 50% av alle bustader og fritidsbustader i kommunen. Vi takserer sjølv ca 400 våningshus, 100 bustadhus og 1500 fritidsbustader. For budsjett 2027 brukar vi det siste grunnlaget for bustadverdiar - dei som gjeld for 2026. Vi antek at det blir ei lita auke på formuesgrunnlaget som gjev ei lita auke i inntekt, erfaringsvis ca 5-8%.
Eigdomsskatt næring (inkludert kraftlinjer)	11,35 mill	For eigedomsskatt næring held vi rekneskapstala for 2026 som grunnlag for budsjett. Maksimum promillesats på 7 er lagt til grunn likt som i tidlegare år. Det blir og skrive ut eigedomsskatt på kraftlinjer som er definert som produksjonrelatert nett. Statnett eig mykje av kraftlinjene i kommunen, og det er gjort nytt vedtak i sakkyndig nemnd på den nye kraftledninga frå Trollheim kraftstasjon til Viklandet. Dette medfører ei auka inntekt frå 2027.
Konsesjonskraftinntekter	17,2 mill	Som kraftkommune er Surnadal ein aktør i markedet for konsesjonskraft. Svorka har

	Beløp	Beskriving
		fått oppdraget med forvaltning av konsesjonskrafta til kommunen. For 2027 er det gjennomført sikringsavtalar, og prognosen viser at dette vil gje kommunen ei inntekt på omlag **kr 17,2 mil**l, og det er dette beløpet som er lagt til grunn i budsjett for 2027.
Konsesjonsavgift	6,9 mill	NVE står for utrekninga av konsesjonsavgifter og fordelinga mellom dei berørte kommunane. Avgifta indeksregulerast kvart femte år. Sist avgifta var regulert var i 2023. Heile beløpet blir sett av på næringsfondet i kommunen, og retningslinjene for bruken av næringsfondet var revidert i Kommunestyret 18.03.20.
Integreringstilskot	22,4 mill	I beregna tilskot legg vi til grunn flyktningane som er busett her. For 2027 og framover vil tilskotet reduserast vesentleg. Bakgrunnen for dette er at det i 2022 og 2023 ble det busett omlag 200 personar i kommunen. Ein får tilskot i 5 år, med gradvis nedtrapping av tilskotsbeløpet. (I år 6 etter busettingsåret vil ein ikkje få noko tilskot for dei som vart busett i 2022) Integreringstilskotet er fordelt på same måte som det ordinære rammetilskotet, men da ut frå ei vurdering av kor det er behov for ekstra budsjettrammer som følge av tjenester som er retta spesielt mot flyktningane. Dette gjeld t.d. barnehage og skule, helse og familie, vaksenopplæing og integrering (norskopplæring og miljøarbeid), samt teknisk (vaktmesterbistand ved innflytting, boligtilpasning / innkjøp av møbler mv). (Det er er vedteke at vi skal busette 3 enslige mindreårige flyktningar i 2027. Sjå vedtak i kommunestyret 29.10.26)

Finansutgifter og inntekter

Finansutgifter og finansinntekter	Beløp	Beskriving
Renteutgifter	48,7 mill	Talet som er lagt til grunn er berekna ut frå dagens lånegjeld, inklusiv eit nytt låneopptak på 140 mill. Det nye låneopptaket må gjerast for å finansiere foreslåtte investeringar for 2027. I beløpet ligg og andel rentekostnader til startlån/Husbanken.
Avdrag på lån	34 mill	Det er lagt til grunn eit minimumsavdrag i tråd med føringar i kommunelova. Beløpet er basert på anslag for avskrivningar og bokført verdi av anleggsmidlar per 31.12.26
Utbytte	4,5 mill	Utbytte frå Svorka og Remidt næring, på same nivå som 2026.
Renteinntekter	5,5 mill	Vi legg til grunn ei renteinntekt på 5,5 mill. Ein andel av dette gjelder renteinntekter frå Startlån. I 2026 har det vore løyva mykje i startlån og ein forventer høgare renteinntekter på grunnlag av dette.
Finansiering av investeringar etter investeringsplana		
Låneopptak og ubrukte lånemidler	140 mill	I investeringsplana for 2027 er det til grunn at nye investeringar skal finansierast ved bruk av lån på omlag kr 140 mill. Kommunedirektør foreslår at det bli teke opp eit nytt lån på 140 mill. Det er statsforvaltaren i Møre og Romsdal som gjer endeleg vedtak på kor stort låneopptaket vil bli.
Lån for videre utlån (startlån)	5 mill	Startlån er ei ordning der kommunane kan låne pengar frå Husbanken for vidare utlån til innbyggjarar i kommunen. I økonomireglementet for Surnadal kommune står det at startlån er behovsprøvd og skal kunne innvilgast til unge i etableringsfasen, barnefamiliar, einslege forsørgjarar, funksjonshemma, flyktningar, personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og andre økonomisk vanskelegstilte husstandar. For 2027 og framover i planperioden foreslår kommundirektøren at ein foretar eit låneopptak på kr. 5 mill til dette formålet.

Bruk og avsetning av fond

Bruk og avsetning til fond	Beløp
Avsetning til fond:	
Konsesjonsavgift avsett til næringsfond	6,9 mill
Avsetning til sjølkostfond- feiing	0,345 mill
Avsetning til sjølkostfond - vatn	0,336 mill
Sum avsetning fond	**7,581 mill**
Bruk av fond:	
Bruk av landbruksfond	0,5 mill
Bruk av midler avsatt til næringsfond - sjå meir under ansvar 141 næringsfond	4,2 mill
Til bruk i drift innafor arbeidsoppgåver innen samfunnsoppdrag, landbruk, boligfeltsutvikling, sentrumsplan, miljøfyrtårn, innbyggermedvirkning,næringstomter, natur og friluftsliv – arealplanlegging.	1,0 mill
Bruk i drift til formålet: knytt til tilrettelegging næringsutvikling, bedriftsrådgiving, gründerhjelp – HoppId, sikkerheit/beredskap, rekruttering , omdømme, bolyst, informasjon/kommunikasjon	1,0 mill
Bruk av sjølkostfond - avløp	0,798 mill
Sum bruk av fond	**7,493 mill**

Tenesteområda

- Det er teke utgangspunkt i år 2 i fjorårets økonomiplan.
- Det er berekna inn ei prisvekst på 2,7%.
- Det er lagt inn ei felles "lønnspott" på 9 mill som skal ta høgde for lønsveksten i 2027. Dette beløpet blir fordelt til enhetene etter at lønnsoppgjeret er ferdig neste år.
- Trekk til fordeling pensjon og fellestenester er satt til 17,5%.
- Det er lagt til grunn ca 574 årsverk samla for alle tenesteområda for året 2027 vs ca 594 for 2026.

Gebyrregulativ:
Den generelle satsen for gebyrauke er sett til 5,0 %, med avvik i begge retningar der det er andre faktorar som er vektlagt.
Gebyr på vatn, avløp og feiing har ei samla auke på med 4,1% frå satsane i 2026. Brukarbetalingar og gebyr er innbaka i einingane sine nettobudsjett.

Endringar på enhetsnivå:

Frå 2027 vil det bli nokre endringar i organisasjonstrukturen

- **Nytt ansvar 141 - næringsfond**
- **223 Midtigrenda barnehage og 227 Øye og Solbakken barnehage blir frå 2027 slått saman til 230 Sentrumsbarnehagane.**
- **234 Todal og Stangvik oppvekstsenter, 233 Mo oppvekstsenter og 231 Bøfjord og Bæverfjord blir frå 2027 slått saman til 240 Oppvekstsentra.**

Forslaga til budsjettrammer for 2027 er basert på ein grundig gjennomgang av stillingsbudsjett, inntekter og kostnader i detaljbudsjettet for den enkelte enhet. Gjennomgangen viser at fleire enheter kan vidareføre eller redusere opphavleg vedteken ramme, medan andre har behov for ei oppjustering.

Det overordna målet har vore å legge fram budsjettrammer som i størst mogleg grad reflekterer forventa aktivitetsnivå og ressursbehov i 2027.

Ansvar	Opprinneleg vedteke budsjettramme inkludert prisvekst	Forslag til ny budsjett-ramme Tal i heile tusen	Kommentar
100 - Sentraladministrasjonen	35 795	37 607	• Alle felles system for kommunen er handtert her: kostnadane auker ut over løns- og prisvekst (lagt inn meir for å tette noko av gapet frå tidligare år) • Ein ansatt fortset som 80% prosjektstilling knytt til nytt helsehus • Kr 225 000 brukes av næringsfond knytt til tilrettelegging næringsutvikling, bedriftsrådgiving, gründerhjelp – HoppId, sikkerheit/beredskap, rekruttering , omdømme, bolyst, informasjon/kommunikasjon. Kjem i tillegg til kr 775 000. • Det er lagt inn skjønnsmidlar på kr 400 000 for deltaking i Nettverk for bærekraftig kommuneøkonomi
130 - Kultur	4 410	3 978	• Er frå 2026 organisatorisk slått saman med Kulturskulen. Frivilligsentralen er flytta inn i kulturhuset, og kulturhuset bygd om. Ein ser at det har ført til

Ansvar	Opprinneleg vedteke budsjettramme inkludert prisvekst	Forslag til ny budsjett - ramme Tal i heile tusen	Kommentar
			synergieffektar i forhold til oppgåver og personell.
141 - Næringsfond		4 700	• Frå 2027 vil alt knytt til bruk av næringsfond leggast på eige ansvar - 141 næringsfond. Sjå meir detaljar under beskriving av verksemnda.
150 - Politisk verksemd	4 156	4 546	• Det er berekna inn ei auke i godtgjersle i 2027, på grunn av auka løn storingsrepr.løn. • Kontingent til Interkommunalt politisk råd Trøndelag SørVest er tatt ut • Det ligg inne kostnadar for valgjennomføring, men ein planlegg å ta ned nokre kostnadar ved å halde forhandstemminga på kommunehuset.
230 - Sentrums-barnehagane	37 309	37 179	• I 2026 fikk enhetene 223 Midtigrenda barnehage og 227 Øye og Solbakken barnehage ein felles enhetsleiar. Frå 2027 vil disse enhetene bli slått saman til 230 Sentrumsbarnehagane. • Ein ser at man på denne måten kan samordne ressurane på ein god måte
239 - Surnadal barne - og ungdomsskule	77 480	80 739	• Enheta fikk tilført tenesten vaksenopplæring frå 2026 • Det var lagt inn fleire tiltak for 2026 kor nokre har vore vanskeleg å innfri, og i tillegg har ressursar knytt ekstra behov rundt elevar auka. Det er derfor valgt å auke ramme for 2027 knytt til grunnskule.

Ansvar	Opprinneleg vedteke budsjettramme inkludert prisvekst	Forslag til ny budsjett-ramme Tal i heile tusen	Kommentar
			• Vi må og tilpasse vaksenopplæring ut frå at det blir det færre elevar ut over året 2027, og det medfører at vi må redusere ressursane knytt til denne tenesta. (Vedtak om mottak av 0 nye vaksne og 3 enslige mindreårige vert lagt til grunn for dette.) • **Vedtak i formannskapet 17.11.26: Planlagt kutt innen grunnskole flyttes fra 2028 til høsten 2027. Halvårseffekt 2,5mill. Dette er fordelt på same måte som for 2026. Nedtrekk i ramme på SUBUS med kr 1 652 000, og oppvekstsentra kr 849 000.**
240 - Oppvekstsentra	37 284	35 037	• I 2026 fekk Todalen og Stangvik oppvekstsenter, Mo oppvekstsenter og Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter ein felles enhetsleder. Frå 2027 vil disse enhetene bli slått saman til 240 Oppvekstsentra. • Ein ser at ein på denne måten kan samordne ressurane på ein god måte • **Vedtak i formannskapet 17.11.26: Planlagt kutt innen grunnskole flyttes fra 2028 til høsten 2027. Halvårseffekt 2,5mill. Dette er fordelt på same måte som for 2026. Nedtrekk i ramme på SUBUS med kr 1 652 000, og oppvekstsentra kr 849 000.**
310 - Helse og familie	35 007	35 635	• Enheta har skjerma stillingar knytt til barn og unge • Enheta tek ned kommuneoverlege frå 50% til 30% i løpet av våren

Ansvar	Opprinneleg vedteke budsjettramme inkludert prisvekst	Forslag til ny budsjett-ramme Tal i heile tusen	Kommentar
			• Stilling som psykolog er teke ut av budsjettet • Beredskapstillegg er nedjustert • Kjøp av tenester frå Heim er redusert • Det er framleis ei betydelig auke i kostnadar i avtalar vi har med legevakt mv. og dette er hensynteke i rammetildelinga. • Frå 2026 er integreringstenesta ein del av helse og familie. Sjølv om det er vedtak på å ta imot 3 enslige mindreårige i 2027, vil vi måtte tilpasse ressursbruken på denne tenesta.
330 - Sjukeheimen	67 631	69 306	• Frå 01.10.26 auka tillegga knytt til kveld og natt og dette er hensynteke i budsjettramma. • Det er ei vesentleg auke kostnadar knytt til apotek varer • Ein held kostnadar knytt til utsyr, inventar mv på eit minimum i påvente av nytt helsehus
340 - Bu og aktivitetsteneste	72 402	78 788	• Frå 01.10.26 auka tillegga knytt til kveld og natt og dette er hensynteke i budsjettramma. • Frå 2026 vart det oppretta barneavlasting for 2 nye barn • Tilskot til ressurskrevande brukarar på teneste oppretthaldast på 2026 nivå.
350 - Heimetenesta	46 281	46 826	• Frå 01.10.26 auka tillegga knytt til kveld og natt og dette er hensynteke i budsjettramma • Redusert inntekt frå tryggheitalarmar

Ansvar	Opprinneleg vedteke budsjettramme inkludert prisvekst	Forslag til ny budsjett - ramme Tal i heile tusen	Kommentar
			• Ein nedjusterer antal medisindispensarar og reduserer dermed lisenskostnadar
360 - NAV	21 226	18 881	• Prognosen her er at på sosialhjelp og tilskot til bustad blir redusert noko i forhold til 2026 • Ein antek at ramma kan reduserast ytterlegarer framover i tid.
430 - VARF	-10 031	-10 007	• Sjølkostrekneskapet er utarbeidd i samarbeid med Visma Momentum. • «Overskuddet" som ligg til grunn i budsjett skal dekke rentekostnadar, avskringar og administrativt arbeid.
440 - Areal og naturforvaltning	8 222	8 586	• Bruk av næringsfond 1 mill • Blir brukt innafor arbeidsoppgåver innen samfunnsoppdrag,boligfeltsutvikling, sentrumsplan, miljøfyrtårn, innbyggermedvirkning,næringstomter, natur og friluftsliv – arealplanlegging.
460 - Teknisk drift	33 835	33 349	• Ein har teke ut kostnadar til kantslått • Reduksjon av kostnader vegar - omlag kr 1 mill - kjem som eiga sak • Ein har justert ned inntekt frå husleige til private • Det er lagt inn høgare kostnadar på renholds-og hygieneartiklar • Det er lagt inn høgare kostnadar knytt til lovpålagte brannøvingar

Ansvar	Opprinneleg vedteke budsjettramme inkludert prisvekst	Forslag til ny budsjett - ramme Tal i heile tusen	Kommentar
503 - Tilskot	14 547	16 961	• Det største tilskotet gjeld Bårdshaugen barnehage, og berekna tilskot for 2027 er på om lag 13,2 mill. Sjå meir under tenesteområde 503 for meir detaljar. • Frå 2027 vil alt knytt til bruk av næringsfond leggast på eige ansvar - 141 næringsfond
510 - PPT Indre Nordmøre	3 467	3 426	• Grundig gjennomgått - omlag på same nivå som for 2026
520 - Surnadal og Rindal kulturskule	3 178	3 176	• Enheta vart frå 2026 organisatorisk slått saman med Kulturskulen • Enheta held som omlag på same nivå som 2026
530 - Kyrkjeleg fellesråd	7 121	7 221	• Det er lagt inn ei auke i ramme på kr 100 000, ut frå motteke budsjett frå kyrkjeverge.
542 - Indre Nordmøre Barneverntenesteste	15 142	16 557	• I løpet av 2026 har det vore naudsynt å iverksette fleire tiltak, og dette fortsett i 2027.

Økonomisk utvikling i planperioden

Talgrunlaget for årsbudsjett 2027 er redegjort under kapitlet "grunnlagstal budsjett 2027". Under vil gje ei oversikt over kva som ligg til grunn i planperioden 2027-2030.

Sentrale inntekter

Sentrale inntekter (I heile tusen)	kommentar	2027	2028	2029	2030
Rammetilskot	Berekna etter SSB si befolkningsprognose - KS prognosemodell	317 695	315 142	315 511	319 832
Skatteinntekter	Berekna etter SSB si befolkningsprognose - KS prognosemodell	230 158	229 222	228 473	226 901
Eigedomsskatt	På kraftlinjer blir det ei auke i inntekter når det nye kraftlinja er igangsatt. På bustader er det årleg ei auke på omlag 5%	38 350	40 050	40 650	40 350
Integreringstilskot	Her vil tilskotet reduserast i takt med mindre busetting. Den største reduksjonen kjem frå 2028.	22 400	9 900	6 900	4 900
Sal av konsesjonskraft	For 2027 er inntekta prissikra til å bli omlag 17,2 mill. Foreslår same inntekt for heile perioden	17 200	17 200	17 200	17 200

Renteinntekter på kr 5,5 mill og utbytte på kr 4,5 mill haldast på 2027 nivå i heile planperioden.

Sentrale kostnadar

Sentrale kostnader (i heile tusen)	Kommentar	2027	2028	2029	2030
Lønnsvekst	Det er lagt inn ein berekna årsvekst, i berekninga er det forsøkt hensynteke at antall ansatte skal reduserast	9 000	9 250	9 450	9 450
Renteutgifter	Berekna ut frå eit investeringnivå som foreslått i investeringsplana	48 700	52 550	48 900	46 900
Avdrag på lån	Berekna minimumsavdrag	34 500	35 600	42 400	40 850

Inndekning av det udekka meirforbruket som oppsto i 2024 og 2025

Regnskapet frå 2024 viser eit udekka meirforbruk på kr. 17 761 000, og regnskapet for 2025 viser erit udekka meirforbruk på kr 22 988 000, tilsaman eit udekka meirforbruk på kr. 40 749 000. Budsjettvedtaket i kommunestyret 18. desember 2025 inneber at vi dekker inn kr 8 571 000 av det udekka meirforbruket frå 2024 i 2026.

Kommunedirektøren foreslår at kr 16 733 000 dekkast inn i 2027, kr 11 682 000 mill dekkast inn i 2028 og kr 3 775 000 dekkast inn i 2029.

Tenesteområda/enheter

Alle tenesteområda/enhetene får ei reduksjon i ramme i åra framover, og den største reduksjonen kjem i 2028.

Bakgrunn for nedjusteringa kjem i hovedsak frå tiltak vedteke i budsjettmøte i 2024 for planperioden 2025-2028, i tillegg kjem nye tiltak vedteke i budsjettmøte i 2025 for planperioden 2026-2029.

Sum rammetildeing alle tenesteområde/enheter (i heile tusen)	2027	2028	2029	2030
Sum alle enheter	535 583	516 237	511 497	511 002

Omstillingsplana Surnadal inn i framtida - Tiltak

Kommunestyret i Surnadal kommune har i 2024 og 2025 vedteke fleire økonomiske tiltak for å redusere kommunen sine kostnader og tilpasse drifta til dei økonomiske rammene. Dei tiltaka som tidlegare er vedtekne, har vore viktige bidrag i arbeidet med å styrke kommunen sin økonomi.

Det blir no lagt fram ein samla omstillingsplan - ***Surnadal inn i framtida*** - med nye tiltak for vidare effektivisering og kostnadsreduksjon. Disse tiltaka vert utarbeidde med bakgrunn i oppdatert kunnskap om kommunen sine behov, utfordringar og moglegheiter.

Omstillingsplanen erstattar dei tidlegare vedtekne tiltaka frå 2024 og 2025. Dette inneber at vidare oppfølging og rapportering skal knytast til tiltaka i den nye planen, medan tidlegare vedtak om kostnadsreduserande tiltak blir rekna som avløyste av den samla omstillingsplanen. (Les meir om dette på eige område i dokumentet)


Finansielle måltal med handlingreglar

Kommunedirektøren foreslår å bruke dei vedtekne finansielle måltala med handlingsreglar i 2027 - 2030
Surnadal kommune har i dag eit svært lite handlingsrom innafor drifta, og må gjere ei ganske omfattande omstilling for å greie å få ein stabil og bærekraftig økonomi fram i tid.
Hovedmålsettinga om å kome innafor handlingsregelen om eit stort handlingsrom, krev at vi arbeider i eit langsiktig perspektiv.

Handlingsreglar for Surnadal kommune (prosent av driftsinntekter). Tabellen gir og ei oversikt over korleis handlingsrommet vil bli i planperioden


Prosent av driftsinntekter	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Stort handlingsrom	2027	2028	2029	2030
Netto driftsresultat	< 1%	1 - 1,75%	>1,75%	1,9% (stort)	1,2% (moderat)	1,0% (moderat)	1,7% (moderat)
Disposisjonsfond	< 4%	4 - 9%	>9%	0,0% (lite)	0,0% (lite)	0,7% (lite)	2,7% (lite)
Netto lånegjeld	> 100%	100 - 80%	<80%	100,5 % (lite)	118,6%(lite)	116,1% (lite)	110,2% (lite)

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Surnadal kommune	0,5 %	-1,3 %	-4,4 %	-2,5 %	1,0 %	2,2 %	1,2 %	1,0 %	1,7 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	KOSTRA 2025	Budsjett 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029	Økplan 2030
Surnadal kommune	4,0 %	1,9 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	1,0 %	3,0 %
Handlingsregel	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %

Gebyr-og prisliste

Betalingssatsar SFO

Betalingssatsar SFO

- Opphaldstida blir utrekna etter dei øktene barna er påmelde og ikkje etter faktisk tid dei nyttar tilbodet. Øktene er opningstid til skulestart og skuleslutt til stengetid.
- For 1, 2 og 3.trinn er det 12 timar gratis SFO-tid. I påmeldte SFO-økter kvar veke, blir difor til og med 12 timar utan betaling. Eventuell resterande SFO-tid blir fakturert etter gjeldande satsar.
- **Vedtak i formannskapet 17.11.26: Innføre gebyr i Barnehage og SFO ved manglende oppmøte i ferier og planleggingsdager.**
    - **Administrasjonen vil legge inn forslag til gebyrbeløp**
- Det skal betalast for 11 månadar pr. år (juli er betalingsfri månad).
- Ingen familiar skal betale meir enn 6% av den totale årsinntekta for ein SFO-plass for elevar på 1.-4.trinn.
    - Det skal søkjast for eitt skuleår i gongen
    - Søknadsfrist for å få reduksjon er 31.august.
    - For søknadar som er motteke etter 31.august, blir vedtaket gjeldande frå den 1.påfølgande månad

Betalingssatsar SFO

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Betalingssats for enkeltdagar i SFO pr dag	490	515	25	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Betalingssats for opphaldstid i SFO 12-17,9 t/v	2 385	2 505	120	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.
Betalingssats for opphaldstid i SFO enkelttimar	125	130	5	4%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.
Betalingssats opphaldstid i SFO 6 - 11,9 t/v	1 625	1 705	80	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.
Betalingssats opphaldstid i SFO i skuleferien pr. veke	920	965	45	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.
Betalingssats opphaldstid i SFO under 6t/v	865	910	45	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.
Betalingssats opphaldstid SFO 18 t eller meir/v	3 070	3 225	155	5%	For 1., 2. og 3. trinn er det eige vedtak om gratis 12 timar pr. veke. Dette gjeld også i feriar og kjøp av ekstra dagar.

Betalingssatsar kost og skulemjølk

Betalingssatsar for mat i barnehage og skulemjølk

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Betalingssats for enkeltmåltid barnehage og skule	63	63	0	0%	
Betalingssats for kost i barnehage med opphaldstid 64,44% (25-32 t/v)	273	273	0	0%	
Betalingssats for kost i barnehage med opphaldstid 88,82% (33- 40 t/v)	330	330	0	0%	
Betalingssats for kost i barnehage med opphaldstid på 100% (41 t eller meir pr. veke)	425	425	0	0%	
Betalingssats for skulemjølk	Innkjøpspris + 10% adm.	Innkjøpspris + 10% adm.			

Betalingssatsar barnehagar

- Når ein familie har fleire barn i barnehage, blir det gjeve søskenmoderasjon slik: 30% reduksjon for 2. barn. For 3.barn og evt. fleire barn, blir det gjeve tilbod om gratis barnehageplass.
- Det barnet i ein søskenflokk som får den høgaste foreldrebetalinga når eventuell reduksjon for friplass er trekt frå, gjeld som barn nr. 1, og får ikkje søskenmoderasjon. Det barnet som får den lågaste foreldrebetalinga når eventuell reduksjon for friplass er rekna med, får moderasjon.

- For kjøp av enkeltdagar blir det ikkje gjeve søskenmoderasjon.
- **Vedtak i formannskapet 17.11.26: Innføre gebyr i Barnehage og SFO ved manglende oppmøte i ferier og planleggingsdager.**
    - **Administrasjonen vil legge inn forslag til gebyrbeløp**
- Det er høve til å søkje om å få redusert foreldrebetaling dersom betalinga av barnehageplass utgjer meir enn 6% av den samla dokumenterte inntekta til familien.
- Dersom den dokumenterte inntekta er under gjeldande nasjonal sats, kan ein søkje om gratis kjernetid 20 timar pr. veke, når barnet er mellom 2 og 5 år.

Opphaldstid barnehage

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Betalingssats for enkeltdagar i barnehage	340	340	0	0%	
Betalingssats for opphaldstid i barnehage 100% (41 t eller meir)	700	700	0	0%	
Betalingssats for opphaldstid i barnehage 64,44% (25 - 32 t)	451	451	0	0%	
Betalingssats for opphaldstid i barnehage 82,22% (33- 40 t)	576	576	0	0%	

Kulturskulen

Betalingssatsar Kulturskule

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Elevbetaling kulturskole pr semester	2 000	2 000	0	0%	
Elevbetaling vaksne elevar pr semester	2 730	2 850	120	4%	

Sjukeheimen

Matombringing:

Tilbodet gjeld personar som bur i eigen heim, omsorgsbustad eller tilrettelagd bustad, og som av ulike årsaker ikkje klarer å dekkje ernæringsbehovet sitt fullt ut sjølve. Ordninga omfattar kald middagsmat levert heim. Dessert kan bestillast som tillegg til middag.

Kortidsopphold ved Surnadal sjukeheim:

For betaling av eigenandel ved kortidsopphold eller dag- / nattopphald nyttar Surnadal kommune maksimalsatsane som er fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet. Ved endring i dei sentrale satsane, vil dei lokale satsane bli justert tilsvarande utan nytt vedtak. Betalingssatsen for korttidsopphald gjeld for opphald til og med 60 døgn pr. kalenderår.
Kommunane får årleg i form av Rundskriv I-1, frå det Kongelege Helse- og omsorgsdepartementet beskjed om endringar i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Saka blir vedteke av Stortinget i løpet av desember kvart år.

Korttidsopphald ved Surnadal sjukeheim

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Dag-/ nattopphald ved Surnadal sjukeheim	0	0	0	0%	Surnadal kommune følgjer endringane i satsane som blir fastsett sentralt. Satsene blir endra ut frå dei nye endringane i starten av 2027.
Korttidsopphald ved Surnadal sjukeheim	0	0	0	0%	Surnadal kommune følgjer endringane i satsane som blir fastsett sentralt. Prisen gjelder per døgn. Satsane blir endra ut frå dei nye endringane i starten av 2027

Matsal og matombringing

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Dessert til heimebuande	16	17	1	6%	
Middag til heimebuande stor porsjon	114	120	6	5%	
Middag til heimebuande vanlig porsjon	94	99	5	5%	

Uttak av legemiddel etter kontakt med legevakt

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Vederlag for administrering og utgiftsdekking ved uttak av medikament	254	267	13	5%	Gjeldende når det er forordna av vakthavande lege ved legevaktsamarbeidet i Orkdalsregionen (LIO).

Heimetenester

Dagtilbod for eldre

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Dagtilbod for eldre	355	370	15	4%	

Dagtilbod for personar med demens

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Dagtilbod for personar med demens	355	370	15	4%	

Heimehjelp / praktisk bistand

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Maks timespris	530	560	30	6%	
Minstesats	240	240	0	0%	Surnadal kommune følgjer endringane i satsane som blir fastsett sentralt. Prisen gjelder per døgn. Satsane blir endra ut frå dei nye endringane i starten av 2026
Ved inntekt 2-3 G	1 230	1 290	60	5%	
Ved inntekt 3-4 G	1 885	1 980	95	5%	
Ved inntekt 4-5 G	2 680	2 810	130	5%	
ved inntekt over 5G	3 305	3 470	165	5%	

Korttids bustad

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Korttids bustad	180	190	10	6%	kostpris pr. døgn

Tryggleiksalarm og velferdsteknologi

Gebyr	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Merknad
Etableringsgebyr	1 370	1 440	70	5%	Servicetilbud gis etter vedtak
Påslag velferdsteknologi innkjøp	565	595	30	5%	Servicetilbud gis etter vedtak
Påslag velferdsteknologi lisens	55	60	5	9%	Servicetilbud gis etter vedtak
Tryggleiksalarm	300	315	15	5%	Servicetilbud gis etter vedtak

Vaksinering i Heimetenesta

	Beløp NOK	Kommentar
Avsett til bruk av næringsfond i 2026	**6.900.000**	Inntekt frå konsesjonsavgift 2026
Avsett til bygging av fondet	200.000	Ref. retningslinjene
Sentraladministrasjonen - ansvar 100	1000.000	Iflg. budsjett
Areal- og naturforvaltning – ansvar 440	1000.000	Iflg.budsjett
Landbruksfond 2026	500.000	Ref. kommunestyrevedtak og retningslinjer
Eigarbidrag Surnadal Alpinsenter AS 2026	2.000.000	Ref. Kommunestyrevedtak - 2,0mill i 2026
Hoppid.no (tillegg til fylket sine midlar)	150.000	Ref. vedtatte retningslinjer
Ørafond (gatelys gjennom Øra)	200.000	Ref. kommunestyrevedtak for 2025 og 2026
Støttte til nærbutikkene	100.000	Ref. formannskapsak for 2025, 2026 og 2027
Programstøtte til Surnadal Billag AS	84 000	Ref. formannskapsak for 2024. 2025 og 2026
SUM faste/vedtatte trekk	**5.234.000**	
Til disp. i 2026 utanom vedtatte beløp	**1.666.000**	
Løyvd av Kommunestyret pr. d.d.	0	
Løyvd av Formannskapet pr. d.d.	1.050.000	
Løyvd av ordf./kommunedir.–delegert fullmakt	431.000	
Til disposisjon i 2026 pr. 23.10.2026:	**185.000**	


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**0**	**0**	**0**	**0**
Konsekvensjustert ramme	**0**	**0**	**0**	**0**
Tiltak innenfor ramme				
Andel av næringsfondet til diverse formål	4 700	4 700	4 700	4 700
Sum Tiltak innenfor ramme	**4 700**	**4 700**	**4 700**	**4 700**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**4 700**	**4 700**	**4 700**	**4 700**
Ramme 2027-2030	**4 700**	**4 700**	**4 700**	**4 700**

Politisk verksemd

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Tankar ved budsjettframlegget for 2027

Vi går inn i arbeidet med budsjettet for 2027 som ROBEK-kommune. Vi hamna på ROBEK etter budsjettmøtet i desember og vårt første «ROBEK-budsjett» ligg framføre oss.

Vi nådde botnen økonomisk. Det var svært beklageleg, men vi greidde ikkje å snu skuta i tide.

Budsjettet for 2026 inneheldt ei tiltaksliste som skal ta oss ut av ROBEK og kommunestyret vedtok også plan for vidare nedtrekk i drift. Dette arbeidet er det KS konsulent som hjelper oss med no. Eg ser fram til omstillingsplana dei etterkvart kjem med.

Vi har kome godt gang. Tertialrapporten for 2. tertial viser at vi ikkje er langt unna på å nå vedteke budsjett og meirforbruket er betydeleg ned samanlikna med tidlegare år.
Det er gledeleg at vi får større inntekter frå sal av konsesjonskraft dei kommande åra.

Mitt inntrykk er at administrasjonen og tilsette er godt motiverte for endringsprosessen.

Så må vi som politikarar med arbeidsgivaransvar samarbeide godt slik at vi kjem oss ovanpå og får eit økonomisk handlingsrom. Her gjeld det å vere tolmodig, men eg har tru på at vi som politikarar skal bidra godt.

Innbyggarane har forventningar til oss. Vi må ha ein god dialog med dei, og få dei med på laget. Dei er ein stor ressurs.

Surnadal er ein god kommune å bu i. Sjølv om mykje er utfordrande ligg det mykje spennande framføre oss når det gjeld utvikling av kommunen vår. I urolege tider gjeld det å ta vare på kvarandre og framsnakke alt som er bra i Surnadal. Alle skal vi vere gode ambassadørar for kommunen vår slik at folk får lyst til å vere her, og at vi får tilflytting.

Statsforvaltaren har følgt oss nøye gjennom året 2026. Eg er glad for det gode samarbeidet vi har hatt og ser fram til vidare godt samarbeid. Stasforvaltaren, ved Maria Laingen, var på besøk i Formannskapet 10. oktober. Ho sa:

«Det er ei kraft framover her i kommunen, som det ikkje er i alle kommunar. Det verkar som om de har gått fort gjennom «handlingslammingsfasen», og de er inne i fasen der de får gjort ting. No gjeld det å halde på den krafta, og det skal vi hjelpe dykk med»

Ho sa vidare at mykje arbeid står att og at vi må gjere ansvarlege vedtak og prioriteringar. Men vi skal ta med oss desse gode orda i arbeidet vi har framføre oss.

Eg ser fram til gode diskusjonar i arbeidet med budsjettet for 2027.


Med helsing frå Ordførar Hugo Pedersen.

Politisk verksemd består av den politiske leiinga i kommunen.

Den politiske utvalsstrukturen er organisert på denne måten i gjeldande kommunestyreperiode.

Det er nedsett ei gruppe som skal sjå på den politiske organiseringa for neste valperiode, 2027- 2030. Det gruppa kjem fram til vil bli lagt fram til politisk behandling.

Politisk organisering 2023-2027:



Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Deltakelse i nettverk for bærekraftig kommuneøkonomi - KS	31.12.2027	-	-	-
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-
Valggjennomføring	31.12.2027	-	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**4 526**	**4 122**	**4 322**	**4 122**
Sum Lønns- og prisvekst	**20**	**20**	**20**	**20**
Konsekvensjustert budsjett	**20**	**20**	**20**	**20**
Konsekvensjustert ramme	**4 546**	**4 142**	**4 342**	**4 142**
Ramme 2027-2030	**4 546**	**4 142**	**4 342**	**4 142**

Sentrumsbarnehagane

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Sentrumsbarnehagane er ei eining som består av tre barnehagar.

Øye barnehage har to storbarnsavdelingar med 36 plassar til saman og to småbarnsavdelingar med 18 plassar.

Solbakken barnehage har i barnehageåret 2026/2027 2 storbarnsavdelingar med 18 plassar for barn i alderen 3 - 6 år, 1 avdeling med 12 barn i alderen 0-3 og 1 avdeling med 15 plassar for barn i alderen 2-4 år.

Midtigrenda barnehage har to småbarnsavdelingar, ei med 12 plassar og ei med 9 plassar med barn i alderen 0-3 år. Barnehagen har to storbarnsavdelingar med plass til 36 barn til saman i alderen 3-6 år. Banrehagen har og ei avdeling med barn i alderen 3-4.

Barnehagane har felles planverk som grunnlag for den pedagogiske verksemda.

Bemanningsnorm:

I høve økonomiutfordringane i Surnadal kommune, har KS sett i KOSTRA og mellom anna sett på bemanningsnorm opp mot landsgjennomsnitt. Om alle barn blir rekna om til storbarn (det vil seie at dei under tre år tel som to), så skal det vere 1 tilsett per 6. KS har sett på tala for 2025, og då har barnehagane i snitt 5 barn per tilsett. Vi har i 2026 arbeidd med dette, og per årsskifte 26/27 vil vi ha ein snitt på 5,55 barn per tilsett, som er 0,1 under landsgjennomsnittet samtidig som vi er innafor lovkravet på 6.

Vi har samarbeid med NAV arbeidslivvssenter i Øye barnehage, der vi arbeider med gode målsetningar og visjon for barnehagen. Solbakken barnehage er i gang med rett hjelp tidleg no, og Midtigrenda skal i gang med dette på nyåret 2027.

Barnehagane har felles planverk som grunnlag for den pedagogiske verksemda.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Vi har ei auke i barn med behov for ekstra støtte og oppfølging ut over det som høyrer inn under det almennpedagogiske.
- Det er utfordrande å få på plass personale med relevant kompetanse.

Mulegheiter

- Med tre barnehagar i same eining, har vi moglegheit til å nytte kompetanse på tvers.
- Stort fagmiljø gir fleire å spele på i utviklingsarbeid gjennom Nettverk Nordmøre

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Aktivt utviklingsarbeid i barnehagane	31.12.2027	-	-	-
Inkluderande leikemiljø	31.12.2027	-	-	-
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**37 309**	**37 309**	**37 309**	**37 309**
Sum Vedtak forrige periode	**-153**	**-846**	**-846**	**-846**
Sum Lønns- og prisvekst	**20**	**20**	**20**	**20**
Konsekvensjustert budsjett	**-133**	**-826**	**-826**	**-826**
Konsekvensjustert ramme	**37 176**	**36 483**	**36 483**	**36 483**
Ramme 2027-2030	**37 176**	**36 483**	**36 483**	**36 483**

Surnadal barne- og ungdomsskule

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Surnadal barne og ungdomsskule er ein 1 - 10-skule med 2 eller 3 parallellar per trinn.

1.-7. trinn har 331 elevar og primært for elevar som høyrer til i Nedre Surnadal, kommunesenteret Skei og nærområdet.
Når det gjeld ungdomsskulen har den 176 elevar og den er for alle elevane i Surnadal kommune på trinna 8., 9. og 10. trinn.

I tillegg til den ordinære time- og byteplanen har vi eit pedagogisk tilbod og samarbeid med "Inn på tunet." Dette gjeld ungdomsskulen. Vi har og eit samarbeid med Surnadal vidaregåande skule i faget arbeidslivsfag. Vi har fleire samarbeidsprosjekt med den kommunale kulturskulen. Fom. januar 2026 høyrer vaksenopplæringa til eininga. Skulen har eit utvida tilbud i form av Storteamet, for elevar med store hjelpebehov.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Handtere alle behov knytta til tilpassa opplæring og personleg assistanse. Både nasjonalt og lokalt ser vi ei auke i antalet elevar som treng tilpassingar av undervisninga. Det er eit mangfald av behov som skal møtast som strekk seg frå noko ekstra støtte i enkelte fag til 2-1 bemanning heile dagen. Dette legg eit aukande press på eksisterande grunnbemanning.

- Som i punktet over så følger Surnadal nasjonal trend - fleire elevar er fråværande frå skulen. Løysingar på bli slike utfordringar krev skreddarsøm, tid og ressursar. Her er det også behov for meir ressursar i og samhandling med Helse.

- Opplæringslova sine reglar om målform gjer at skulen må oppretthalde fleire klassar. Reglane gjer det også, i fleire tilfelle, svært utfordrande å imøtekomme andre reglar i opplæringslova om inndeling av klassar.

- SFO-tilbudet er populært, ettersom meir av tilbodet etter lova skal vere gratis. Det skaper eit press på å auke bemanninga

- Surnadal barne- og ungdomsskule har tatt imot nye elevar som kjem til Surnadal utan norskkunnskap. Desse elevane treng lærarar med kompetanse i norsk som 2. språk og språkassistentar. Inntaket av desse elevane skjer fortløpande gjennom skuleåret, dette gjer at det er noko usikkerheit knytta til organiseringa av tilbodet ved oppstart av skuleåret.

- Skulen ligg svært tett på lærarnormen, og dei andre faggruppane i drifta er tett knytt til oppfølging av elevar som har enkeltvedtak.

Mulegheiter

- Skulen ønsker å sette i gang ein formell prosess som sikrar ei dimensjonering av eit budsjett som sett skulen i stand til å levere lovpålagte tjenester, innafor tildelte rammer.
- Avklaring om skulestruktur samt ny leiarstruktur i kommunen og lokalt på Surnadal barne- og ungdomsskule vil stabilisere leiargruppa og rette eit sterkare fokus mot utviklinga av skulen.

- Omorganisering av rollar i undergrupperingar vil gi tydelegare ansvarsområde og gjere det enklare å handtere den administrative delen av tilpassa opplæring.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**82 225**	**77 034**	**77 034**	**77 034**
Sum Lønns- og prisvekst	**166**	**166**	**166**	**166**
Konsekvensjustert budsjett	**166**	**166**	**166**	**166**
Konsekvensjustert ramme	**82 391**	**77 200**	**77 200**	**77 200**
Politisk vedtak				
Planlagt kutt innen grunnskole flyttes fra 2028 til høsten 2027	-1 652	0	0	0
Sum Politisk vedtak	**-1 652**	**0**	**0**	**0**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**-1 652**	**0**	**0**	**0**
Ramme 2027-2030	**80 739**	**77 200**	**77 200**	**77 200**

Oppvekstsentra

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Todalen og Stangvik skule har i skuleåret 26/27, 43 elevar.

Bø/Bæ skule har og 43 elevar, medan Mo skule har 30 elevar. Tostop og Bø/Bæ er tredelt og Mo er todelt.

Barnehagane på oppvekstsentra har mellom 30-35 ungar.

Det er 3 ganske like oppvekstsenter i storleik.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar:

- Vikarmangel spesielt for barnehagane. Detter fører til dagar med for lite bemanning og av og til må vi redusere opningstida.
- Behovet for vedlikehald blir større etter som åra går, og vedlikehaldsarbeidet har vore tilnærma null.
- Vi merkar at vi har fått 5% kutt i ramma vår, og må tilpasse drifta etter det. Vi har eit lågt driftsbudsjett og må vurdere til ei kvar tid innkjøp, vi har heller ikkje noko å gå på ved fråvær og må også her vurdere kva vi vel og delta på ol.

Mulegheiter:

- Samarbeid SFO og barnehagen.
- Stor fleksibilitet blant tilsettegruppa. Positiv gjeng som vil det beste for barna.
- Sambruk av personale på tvers av skule og barnehage, og SFO. Og på sikt, ettersom vi no blir ei eining; flytte på tilsette etter behovet, også mellom oppvekstsentra, dette gjer oss mindre sårbare, og aukar fleksibiliteten vår.

- Inventar og utstyr, undervisningsmateriell, lærebøker osv. kan flyttas på tvers mellom oppvekstsentra, noko som sparer oss for ein del innkjøp. Einingsleiar har no oversikt over kva som finst på dei ulike plassane.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Fokus på lesing og skriving i skulen.	31.12.2027	Iht. plan	-	-
Fortsette arbeidet med å gjere oppvekstsentra til ei eining.	31.12.2027	Iht. plan	-	-
Fortsette utviklingsarbeidet i læringsløype matematikk.	31.12.2027	Iht. plan	-	-
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-
Sikre tilgang til kompetent arbeidskraft, og vikarar i barnehagane.	31.12.2027	Iht. plan	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**37 283**	**37 283**	**37 283**	**37 283**
Sum Vedtak forrige periode	**-1 447**	**-2 214**	**-2 214**	**-2 214**
Sum Lønns- og prisvekst	**50**	**50**	**50**	**50**
Konsekvensjustert budsjett	**-1 397**	**-2 164**	**-2 164**	**-2 164**
Konsekvensjustert ramme	**35 886**	**35 119**	**35 119**	**35 119**
Politisk vedtak				
Planlagt kutt innen grunnskole flyttes fra 2028 til høsten 2027	-849	0	0	0
Sum Politisk vedtak	**-849**	**0**	**0**	**0**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**-849**	**0**	**0**	**0**
Ramme 2027-2030	**35 037**	**35 119**	**35 119**	**35 119**

Helse og familie

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Helse og familie har ansvar for ei rekkje lovpålagte helse- og omsorgstenester til innbyggarar i alle aldrar. Eininga arbeider med helsefremming, førebygging, behandling og oppfølging, med særleg vekt på tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og koordinerte tenester.

Fysioterapi, ergoterapi og rehabilitering

Fysioterapi- og ergoterapitenesta arbeider med helsefremmande og førebyggande tiltak, behandling, habilitering og rehabilitering. Tenestene er retta mot innbyggarar i alle aldrar og skal bidra til meistring, funksjonsevne og sjølvstende i kvardagen.

Samarbeid med andre kommunale tenester er viktig for å sikre heilskapleg oppfølging, mellom anna for eldre som ønskjer å bu heime lengst mogleg.

Folkehelse, smittevern og helsestasjon

Folkehelsekoordinatoren arbeider med folkehelse på tvers av kommunale tenester. Kommuneoverlegen har sentrale oppgåver innan samfunnsmedisin, smittevern og miljøretta helsevern, mellom anna gjennom interkommunalt samarbeid.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta er viktige delar av det førebyggande arbeidet. Gjennom helseundersøkingar, vaksinasjon og oppfølging møter tenestene barn, unge og familiar gjennom oppveksten. Kartleggingar av folkehelse og oppvekstmiljø gir grunnlag for målretta tiltak.

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid

Eininga har dei siste åra arbeidd med å vidareutvikle organiseringa og samarbeidet mellom tenestene for å møte eit aukande behov for førebyggande innsats og oppfølging.

Gjennom prosjekt som «Laget rundt barnet» og «Barn og unges helsetenester» er det arbeidd med å styrke kompetansen og samhandlinga mellom fagmiljøa. Digitale samarbeidsmøte med barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) bidreg også til betre dialog ved behov for tilvising og oppfølging.

Frå 2026 er det sett i verk systematiske tiltak for helseoppfølging av barn og unge med utfordringar knytte til skulefråvær.

Familiestøtte, avlasting og støttekontakt

Helse og familie har styrkt arbeidet med foreldrerettleiing og familiestøtte, mellom anna gjennom eit lågterskeltilbod med familierettleiar. Tilbodet blir nytta på tvers av tenestene og skal bidra til tidleg hjelp og støtte til familiar.

Eininga har samtidig opplevd ein markant auke i behovet for avlasting og støttekontakt. Dette er vedtaksbaserte tenester for barn og familiar med særskilde behov, og utviklinga stiller større krav til kapasitet og koordinering.

Psykisk helse og rus

Psykisk helse- og rustenesta tilbyr førebyggande arbeid, behandling og oppfølging til barn, unge og vaksne. Tenesta skal gi tidleg hjelp ved psykiske helseutfordringar, begynnande rusproblem og reaksjonar på belastande livshendingar.

Oppfølging av pårørande og samarbeid med andre tenester er viktige delar av arbeidet.

Legetenester og legevakt

Eininga har ansvar for fastlegeordninga, legevakt, legetilsyn ved sjukeheim og legetenester knytte til helsestasjon og skulehelseteneste, inkludert helsestasjon for ungdom (HFU).

Kommunen har i dag full fastlegedekning etter fleire år med målretta arbeid. Målet er å oppretthalde eit tilstrekkeleg fastlegetilbod i tråd med innbyggartalet og behovet for legetenester.

Integreringstenesta

Frå 2026 er Integreringstenesta organisert under Helse og familie og samlokalisert med andre kommunale funksjonar på kommunehuset. Endringa skal bidra til tydelegare ansvarsfordeling og meir systematisk oppfølging.

God integrering føreset samarbeid om mellom anna bustad, helse, arbeid og deltaking i lokalsamfunnet.

Gjennom det tilskotsfinansierte prosjektet «Surnadalsmodellen» samarbeider kommunen med næringslivet, idrettslag og frivillige organisasjonar om inkludering og integrering. Prosjektet skal styrke deltakinga på arenaer utanfor dei ordinære kommunale tenestene og bidra til eit meir inkluderande lokalsamfunn, også for barn og unge.

Utfordringar og mulegheiter

Omstilling og prioritering av ressursar

I 2027 vil omstilling og tilpassing av tenestene til dei økonomiske rammene vere sentralt for Helse og familie. For å sikre berekraftige tenester må ein prioritere lovpålagte oppgåver og vurdere kva andre tilbod eininga har kapasitet til å opprettholde.

Som ein del av dette arbeidet er behandling av søknader om TT-kort teken ut av eininga frå 2026, medan tilbodet om reisevaksinasjon blir avvikla frå 2027. Målet er å frigjere tid og ressursar til prioriterte oppgåver.

God rekruttering og evne til å behalde kvalifiserte medarbeidarar vil samtidig vere avgjerande for å sikre stabile tenester og nødvendig kompetanse framover.

Aukande behov innan psykisk helse og rus

Eininga opplever aukande og meir samansette behov blant personar med rusutfordringar og samtidige psykiske helseproblem (ROP). Fleire har behov for omfattande oppfølging, også utanfor ordinær arbeidstid. Ei brukarundersøking retta mot ROP-gruppa vart gjennomført i 2025.

Det er behov for å vidareutvikle eit heilskapleg tenestetilbod med eigna bustader, praktisk burettleiing og tilpassa oppfølging. Eininga ønskjer etablering av ROP-bustader som kan bidra til tryggare buforhold og betre livsmeistring for målgruppa.

Eit tettare samarbeid med heimetenesta og andre heildøgnstenester kan bidra til betre kontinuitet i oppfølginga og meir effektiv bruk av kompetanse og ressursar. Samarbeid om funksjonar som ruskonsulent er ei aktuell moglegheit.

Rekruttering og kapasitet innan psykisk helsehjelp

Det har vore krevjande å rekruttere psykolog, trass i fleire utlysingar av ei heil stilling. I 2026 vart det tilsett ein psykiatrisk sjukepleiar i vikariat for å styrke kapasiteten til å ta imot og følge opp tilvisingar innan psykisk helsehjelp.

Tenesta er sårbar ved fråvær og manglande tilgang på fagkompetanse. Dette kan føre til lengre ventetid for innbyggarar som har behov for samtalebehandling og oppfølging.

Skulehelseteneste og jordmorteneste

Skulehelsetenesta blir organisert og prioritert ut frå lovpålagte oppgåver og tilgjengelege ressursar. Omfanget av tilstadevering på skulane blir vurdert ut frå mellom anna elevtal, alder og behovet for tilgjengeleg helsehjelp.

Endringar i organiseringa av jordmorressursane kan gi moglegheit til å styrke det kommunale tilbodet. Dersom mindre av stillingsressursen blir nytta til vaktarbeid for helseføretaket, kan kapasiteten mellom anna brukast til tidlege heimebesøk etter fødsel og betre oppfølging av amming.

Fysioterapi, ergoterapi og nytt helsehus

Fysioterapi- og ergoterapitenesta vurderer dagens tilbod som velfungerande, med tildeling og prioritering av tenester etter behov.

Realiseringa av det nye Helsehuset kan gi moglegheiter for vidareutvikling av førebyggande arbeid, rehabilitering og livsmeistring. Samlokalisering og tettare samarbeid mellom fagmiljøa kan bidra til meir samanhengande tenester og betre ressursutnytting.

Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Einings har arbeidd systematisk med HMS, arbeidsmiljø og nærvær. Sjukefråværet vart vesentleg redusert i 2025 samanlikna med 2024, noko einings mellom anna knyter til styrkt fagleiing og meir målretta nærværsarbeid.

I 2026 har fråværet auka noko igjen, i ein periode prega av omorganisering og endringar. Utviklinga blir ikkje vurdert som alarmerande, men enkelte tenester er sårbare ved høgt fråvær.

Det er gjennomført psykososial vernerunde våren 2026 og etablert ei HMS-gruppe med representantar frå tenestene, tillitsvalde og verneombod.

Organisering og økonomiske tilpassingar

Ei eventuell etablering av eit felles forvaltningskontor kan føre til endra oppgåvefordeling og redusert behov for årsverk innan Helse og familie. Dei økonomiske konsekvensane må vurderast i samband med ei eventuell omorganisering.

I budsjettforslaget er kjøp av tenester frå HIPS sett til null.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Oppdatere Plan for sosial- og helsemessig beredskap	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-

Rammeoversikt


Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**35 007**	**34 878**	**34 878**	**34 878**
Sum Lønns- og prisvekst	**102**	**102**	**102**	**102**
Konsekvensjustert budsjett	**102**	**102**	**102**	**102**
Konsekvensjustert ramme	**35 109**	**34 980**	**34 980**	**34 980**

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Nye tiltak				
Justering av ramme 2027	526	0	0	0
Sum Nye tiltak	**526**	**0**	**0**	**0**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**526**	**0**	**0**	**0**
Ramme 2027-2030	**35 635**	**34 980**	**34 980**	**34 980**

Sjukeheimen

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Sjukeheimen leverer tenester til dei som har behov for heildøgns tenester i institusjon. Langtidsopphald baserer seg på kriterie for tildeling beskrive i *Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Surnadal kommune*. Tenestene sjukeheimen leverer er tufta på mange lover og forskrifter, t.d. lov om pasient- og brukerrettigheiter, helsepersonellova, sjukeheimsforskrifta og kvalitetsforskrifta.

Sjukeheimen har pr i dag 60 pasientrom, derav 52 langtidsplassar og 6 korttidsplassar. Medrekna i 60 rom er 2 ØHD- rom (Øyeblikkelig Hjelp Døgnopphald) som ligg i tilknytting til korttidsdavdelinga. Ved press på tenestene nyttast eit av ØHD-romma til korttidsopphald. I ein midlertidig fase med flytting av pasientar til anna lokasjon på grunn av bygging av nytt helsehus, planleggast det med at det eine ØHD-rommet blir nytta til eit langtidsopphald. Dette er foreløpig sett på som nødvendig for å kunne oppretthalde drift med 52 langtidsplassar og 6 korttidsplassar. Dei nye lokala inneheld etter foreløpig plan 11 rom, og vi har i dag 12 rom i den delen av sjukeheimen som skal rivast.

Sjukeheimen har om lag 85 årsverk fordelt på 111 tilsette. Den faste bemanninga er dimensjonert for belegg av 58 plassar samt noko vikarressursar ved fråver og ved innlegging på ØHD. Sjukeheimen har i fleire år arbeidd målretta med heiltidskultur. At ein del av vikarressursane ligg i fastlønte tilsette, har vore ein av grunnane til gode resultat både arbeidsmiljømessig og økonomisk. Satsing på velferdsteknologi, og blant anna digitale tilsyn, har bidrege til å løyse nokre av utfordringane. Ein ser ei klar auke i helsemessige utfordringar for dei pasientane som kjem inn til sjukeheimen. Dette kan medføre ei endring i pleietyngda på kort varsel. Langt oftare enn tidlegare er det behov for ein-til-ein bemanning rundt pasientar.

Av kompetanse har vi sjukepleiarar, helsefagarbeidarar, vernepleiarar, kokkar og fysioterapeut. Nokre har vidareutdanningar, t.d. i kreftomsorg og palliasjon. I tillegg har vi ein fagutviklingssjukepleiar. Vi har og assistentar og merkantile funksjonar. Alle leiarane ved sjukeheimen har, eller er i ferd med å ta, leiarutdanning.

Det arbeidast systematisk med utviklingsarbeid. Vi har ulike fokusområde som vi arbeider med, etter ein kompetansesirkel der fokus er forankra hos tilsette.

1. september 2026 vart vaskeriet ved Sjukeheimen nedlagt og vi kjøper vaskeritenester frå eksternt firma.

Sjukeheimen har og kjøkkentenester samt sørviseavdeling. Dette gjer tydelegare oppgåvedeling mogleg og ein får meir helsefagleg kompetanse rundt pasientane og mindre rundt dei praktiske arbeidsoppgåvene.

Utfordringar og mulegheiter

Organisering

Rekruttering av fagfolk er ei utfordring. Vi må fortsette å arbeide for å finne gode tiltak både for å behalde og rekruttere innan alle dei ulike gruppene av tilsette. Dei siste åra har og rekruttering av andre yrkesgrupper enn sjukepleiarar vore eit problem.

Våren 2024 omorganiserte vi ein del på leiarstukturane og avdelingane på sjukeheimen. I tillegg vart ØHD-plassane (Øyeblikkelig Hjelp Døgnopphald) flytta heim frå Orkland kommune. Med omorganiseringa fekk vi betre sjukepleiardekking rundt korttids- og ØHD-plassane.

Vi har fokus på leiing, prioritering og god og hensiktsmessig fordeling av dei praktiske arbeidsoppgåvene, slik at ressursane ved sjukeheimen blir nytta på ein berekraftig måte.

Arbeidstid

Sjukeheimen har gjennomført omlegging av turnus med langvakter på helg. Dei fleste tilsette arbeider fleire timar på helg etter omlegginga. Omlegginga starta i mars 2022 og sidan hausten 2023 har dette vore ei fast ordning.

Langvakter på helg er med på å redusere talet på små helgestillingar. Turnusordning med langvakter på helg gjer arbeidet med heiltidskultur litt lettare og det betrar kontinuitet i pasientoppfølginga.

Dei siste par åra har tilleggsløn for ubekvem arbeidstid vore eit prioritert tiltak både nasjonalt og lokalt. Surnadal kommune si ordning med bonusløn for faste tilsette som arbeider ekstra helg, har bidratt til å løyse noko av utfordringane med bemanning på helg.

Kompetanse

På sjukeheimen blir det arbeidd målretta med utviklingsarbeid. Vi arbeider med å styrke kompetansen innan alle områda i organisasjonen. Rolleavklaring har det vore arbeidd mykje med på sjukeheimen dei siste åra.

Sjukepleiarrollen har vore spissa opp mot arbeidsoppgåver som berre sjukepleiarane kan gjere, praktiske arbeidsoppgåver har vorte lagt i større grad til ufaglærte (eiga sørvisavdeling).

Prioriteringar

Våren 2024 arbeidde leiargruppa ved sjukeheimen saman med tillitsvalde, vernetenesta og andre i tilsettegruppa for å trygge personalet i prioriteringsarbeidet ved press på tenestene. Arbeidet resulterte i ein rutine som er gjort kjent og som er lett tilgjengeleg for tilsette om ein står i situasjonar der ein manglar personell.

Det er stadig større fokus på prioriteringar innan den kommunale helsetenesta og ein nasjonal veiledar for prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester vart ferdigstilt i 2025.

Digitalisering

Sjukeheimen har fått moglegheit til ein del investeringar i velferdsteknologi. Saman med ulike andre verkemiddel er dette eit viktig bidrag i å møte framtidige utfordringar med ei meir berekraftig drift av helsetenestene.

Behovet for omstilling og ei høg innovasjonstakt der nye arbeidsformer trer fram, gjer tett og systematisk leiaroppfølging, og samarbeid på tvers av fagfelta It og helse, viktig for å lukkast.

Oppgåvedeling

Helsepersonellkommisjonens utgreiing NOU 2023: 4 *Tid for handling. Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste,*er tydeleg på at vi må arbeide systematisk for å fremme riktig oppgåvedeling, og bruke personell på andre måter enn før.

Utgreiinga peikar på at mangel på helsepersonell er den største utfordringa vi står ovanfor i den kommunale omsorgstenesta. Den viser tydeleg at det må gjeras systematiske vurderinger av om formell helsekompetanse er nødvendig for dei ulike oppgåvene. På sjukeheimen begynte vi tidleg med dette arbeidet.

Allereie i 2017 oppretta vi sørvisavdelinga og flytta ein del faste ufaglærte stillingar dit. Tilsette utfører praktiske arbeidoppgåver og avlastar helsefagleg kompetanse slik at helsepersonell i størt mogleg grad arbeider direkte pasientretta.

Meir systematisk opplæring i mat og ernæring og større fokus på tverrfagleg samarbeid mellom kjøkken og helsepersonell, vil og bidra til bedre arbeidsfordeling. Dette kan igjen frigjere tid til pleieoppgåver, bidra til eit tryggare mattilbud og meir effektiv og kunnskapsbasert ernæringsoppfølging.



Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Forankring administrativt og politisk av utarbeidde standardar og rutine for prioriteringar i tenestene ved sjukeheimen	31.12.2027	Forsinket	-	Berekraftig tenesteproduksjon
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Oppdatere Plan for sosial- og helsemessig beredskap	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Oppretthalde forsvarlege tenester og gode arbeidsvilkår i midlertidig drift	31.12.2027	Ikke startet	-	Berekraftig tenesteproduksjon
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-
Systematisk fagleg utviklingsarbeid	31.12.2027	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhald til krav og behov
Systematisk HMS arbeid	31.12.2027	-	-	God tilgong på kompetanse og arbeidskraft


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**67 631**	**65 683**	**65 683**	**65 683**
Sum Tekniske justeringer	**1 892**	**1 892**	**1 892**	**1 892**
Sum Lønns- og prisvekst	**-217**	**-217**	**-217**	**-217**
Konsekvensjustert budsjett	**1 675**	**1 675**	**1 675**	**1 675**
Konsekvensjustert ramme	**69 306**	**67 358**	**67 358**	**67 358**
Ramme 2027-2030	**69 306**	**67 358**	**67 358**	**67 358**

Bu og aktivitetstenesta

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

I Bu- og aktivitetstenesta er det 7 ulike bufellesskap lokalisert rundt om i sentrum. Eininga har eit moderne aktivitetshus og tilbyr ulike aktivitetar til brukarane.

Bu- og aktivitetstenesta gir tilbod om helsehjelp, praktisk bistand og opplæring til menneske med utviklingshemming og andre med særskilte hjelpebehov.

Vi gir også tilbod om avlasting i avlastingsbustad for familiar som har særleg tyngande omsorgsoppgåver. Vi har ulike former for aktivitetstilbod og arbeid til brukergruppa ved Sommerrotunet aktivitetshus.

Mange som mottek tenester fra oss har behov for tilsyn og bistand heile døgnet.

Boligane er litt spredd i sentrum og vi har også tenester i boligar som ikkje er tilknytt fellesbustadane. Når det kjem til fellesbustadane så bur nokre i leilegheiter dei eig sjølve, medan andre leier kommunal bolig i borettslaget.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

- Det er ei utfordring å få rekruttert nok og rett bemanning. Låg arbeidsløyse og færre ungdommar som søker på vikarstillingar gjer at vi heile tida må ha fokus på rekruttering. Vi har lovkrav i helse- og omsorgstenestelova når det kjem til kompetanse vi lyt ha på plass, og det er derfor viktig at vi også oppmodar tilsette til å ta vidareutdanning.
- Sidan vi er spredd på eit ganske stort geografisk område, er det vanskelegare med stordriftsfordelar og samarbeid på tvers av avdelingane. Vi ser at det er auka behov for tenestene framover og at det generelt er ein kamp om rett kompetanse/personell i heile landet. Dette gjer at ein lyt starte eit arbeid der ein ser på mogleg samlokalisering og ein lyt sjå på kva slags boligar det kan vere behov for i framtida. Ein lyt arbeide med korleis ein kan yte best moglege tenester med dei ressursane ein har tilgjengeleg. Det hastar med å få laga ein strategi

med moglege løysingar for berekraftig drift i framtida. Som eit ledd i ein slik strategi lyt ein også vurdere om dagens driftsform, med tanke på borettslag vs andre boformer, er mest henisktsmessig.

Moglegheiter

- Satsing på fagutvikling og internundervisning for alle tilsette.
- Innføring av velferdsteknologi der det er hensiktsmessig, og opplæring/utdanning knytta til dette. Tilgjengeleg og ny velferdsteknologi, som mellom anna gjeld bruk av digitale tilsyn, må ein sjå på moglegheitene med og vurdere som ein del av tenestetilbodet. Dette er i tråd med anbefalingar frå sentrale myndigheiter om bruk av velferdsteknologiske løysingar i kommunane. For vår del så bør ein også gå i dialog med statsforvalter kring slike løysingar, for opplevinga er at dei ikkje har dette som satsingsområde slik kommunane har.
- Kvalitetsarbeid med fokus på nødvendige og forsvarlege tenester.
- Utprøving av lengre vakter på helg og ei utprøving både på kvardag og helg, med mål om auka brukartilfredsheit, fleire heiltidstilsette og mindre bruk av deltidsstillingar. Eininga har mange små helgestillingar som er vanskelig å få dekt. Vi har større behov for tilsette på helg og kveld enn på dagtid i mange tilfelle, og med dagens turnusordningar genererer dette store utfordringar knytt til bemanning. Ein ser også i rekrutteringsprosessar at vi lyt tilby ulike typar turnus for å lukkast med å rekruttere.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Oppdatere Plan for sosial- og helsemessig beredskap	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**78 738**	**76 738**	**74 738**	**74 738**
Sum Lønns- og prisvekst	**49**	**49**	**49**	**49**
Konsekvensjustert budsjett	**49**	**49**	**49**	**49**
Konsekvensjustert ramme	**78 788**	**76 788**	**74 788**	**74 788**
Ramme 2027-2030	**78 788**	**76 788**	**74 788**	**74 788**

Heimetenesta

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Heimetenesta er ei eining under Helse og omsorg i sektoren Livsløp i Surnadal kommune. Vi har tett samarbeid med dei andre einingane i sektoren, både rundt einskilde pasient/brukarar, men og glidande overgangar på kor tenesta skal ytast.

Vidare er Eigedomsavdelinga og omfang av omsorgsbustader ein viktig samarbeidsparter for oss.

Av eksterne aktørar er sjukehusa (begge Helseforetaka i HelseMidt) , fastlegane og apoteka viktige samarbeidspartnarar. Heimetenesta har rundt 70 tilsette. Dei fleste har helsefagleg bakgrunn, i hovudsak sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. I tillegg har vi ergoterapeut, assistentar og fleire med ulike vidareutdanningar.
Eininga har eigen demenskoordinator og kreftkoordinator, som har stilling som fagsjukepleiar.

Eininga sitt leiarteam består av einingsleiar, oversjukepleiar og avdelingsleiar.

Vi gir tenester heimla i “Lov om kommunale helse- og omsorgstenester”, kor heimesjukepleie er den største tenesta. Vidare organiserer vi praktisk bistand (heimehjelp), rehabilitering i heimen, personleg assistent, brukarstyrt personleg assisistanse, omsorgsstønad og dagaktivitetstilbod for eldre og demente.

Andre oppgåver i eininga er saksbehandling av matombringing, tryggleiksalarmar og anna velferdsteknologi. Vi har samarbeid med responssenteret i Kristiansund for mottak av signal frå dei fleste tryggleiksalarmane og andre velferdsteknologiske løysingar som medisindispensere, døralarmar, GPS og røykvarslarar.

Heimesjukepleien utfører mellom anna følgande oppgåver:

- Hjelp til personleg hygiene og daglege gjeremål, som å stå opp og legge seg.
- Administrering av legemiddel og sårbehandling.
- Tilsyn og oppfølging ut frå individuelle behov.
- Rehabilitering og vedlikehald av funksjonsevne og ferdigheiter.
- Råd, rettleiing og støttesamtalar.

- Rettleiing om kosthald og helse, og oppfølging av ernæring.
- Pleie og omsorg til alvorleg sjuke og døyande, inkludert omsorg ved livets slutt.
- Drift av dagsenter for eldre.

Utfordringar og mulegheiter

I tida vi er inne i vil økonomi, rekruttering og demografisk utvikling i Surnadal skape utfordringar. Ein ser ein auke i behov innanfor alle teneser vi yter.

Heimesjukepleien opplever aukande press som følge av samansette faktorar. Det er eit betydeleg større trykk på tenesta, både i form av auke i antal pasientar og meir komplekse behov. Pårørande er ein viktig samarbeidspartnar og ressurs, men vi ser at mange av dei er slitne, i tillegg ser vi at pårørande stiller aukte krav til oppfølging og kvalitet i tenestene, noko som tek mykje av tilsette si tid og ressursar. Heimesjukepleien har høgt sjukefråvær og dette påverkar i stor grad drifta, og korleis vi eigentleg ønsker å organisere oss i kvardagen. Det er behov for systematisk og hyppigare oppfølging. Tenesta har gode verktøy og kartleggingar (HPH). Samtidig opplever vi at det stadig blir vanskelegare å følge opp kartlegging og dokumentasjon, da krava knytt til dette er større og ein brukar mykje tid og ressursar. Det er behov for nye løysninger, og tenesta må tilpasse seg utfordringsbildet på ein effektiv og berekraftig måte.

Det er framleis stadig fleire helsetenester som skal utførast i heimen. Pasienten blir buande heime lengre og dei krev hyppigare tilsyn og meire komplekse tenester. Det er nødvendig at vi tar i bruk enda fleire typar velferdsteknologi, men vi må også disponere personalressursane våre på ein klok måte.

Det er spesielt bekymringsfullt at ein ser stadig færre søkarar på utlyste stillingar, sjølv faste 100% stillingar. Vi må og fokusere på å behalde fagpersonane som vi allerede har i avdelinga. Vi har eit prosjekt med Inkludia (tidl Trollheim), som er knytt til å kunne finne personar med restarbeidsevne til å kunne gjere arbeidsoppgåver som ein ikkje treng helsefagleg bakgrunn for å utføre. Oppgåver dei har starta med er praktisk bistand på omsorgsboligen, diverse oppgåver på kontorlokala og innvendig reinhald av bilane våre. Dette ser vi er til stor hjelp for oss slik at vi kan konsentrere oss om dei oppgåvene som helsepersonell er utdanna til. Det er dessverre vanskeleg å finne tilsette som desse stillingane passar til, og ein ser at Inkludia også slit med å finne kandidatar.

Ellers så er prosenten på sjukefråværet i avdelinga veldig høgt. Ei av utfordringane der er at ein som leiar skulle vore tettare på dei tilsette en vi klarer å vere. Vi som leiarar må klare å sjå utfordringane i den daglege drifta, arbeide systematisk og vere omstillingsvillig og ha oversikt over dagleg drift. Nærledelse er eit nøkkelord. Og i tillegg må ein arbeide etter ein langsiktig plan. For å få til dette har vi hatt behov for ein ekstra ressurs på saksbehandling i avdelinga slik at leiarane kunne ha arbeidd med å leia meir ein vi får til i dag.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Oppdatere Plan for sosial- og helsemessig beredskap	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-
Utrede aktuelle område og teknologiar for digital heimeoppfølging	31.12.2027	Iht. plan	Utnytte digitale verkty og hjelpemiddel for å effektivisere arbeidsprosessar	Berekraftig tenesteproduksjon


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**46 770**	**45 770**	**45 770**	**45 770**
Sum Lønns- og prisvekst	**55**	**55**	**55**	**55**
Konsekvensjustert budsjett	**55**	**55**	**55**	**55**
Konsekvensjustert ramme	**46 826**	**45 826**	**45 826**	**45 826**
Ramme 2027-2030	**46 826**	**45 826**	**45 826**	**45 826**

Nav Indre Nordmøre

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Frå 1. januar 2022 gjekk Nav Surnadal inn i eit vertskommunesamarbeid med Nav Tingvoll og Nav Sunndal, med Sunndal kommune som vertskommune.

Nav Indre Nordmøre utarbeider eit felles budsjett for heile vertskommunesamarbeidet. Utgiftene blir fordelte etter fordelingsnøkkelen som er fastsett i samarbeidsavtalen. I budsjettet til Surnadal kommune er det tilsendte budsjettforslaget frå Nav Indre Nordmøre lagt inn utan endringar.

Mål og organisering

Målet er at Nav Indre Nordmøre skal vere ein attraktiv arbeidsplass med moglegheiter for fagleg utvikling og tenesteutvikling, i takt med samfunnsutviklinga.

Nav er eit partnerskap mellom stat og kommune. Hovudoppgåva er å hjelpe innbyggarane med å komme i arbeid eller behalde arbeidet sitt. Nav skal møte eit mangfald av brukarar med ulike behov for rettleiing og oppfølging.

Rettleiarane ved Nav Indre Nordmøre arbeider etter modellen *heilskapleg arbeidsretta brukaroppfølging*. Dei tilsette arbeider på tvers av statlege og kommunale oppgåver og på tvers av kommunegrensene. Målet er at innbyggarar, arbeidsgivarar, samarbeidspartnarar og næringsliv skal få mest mogleg likeverdige tenester og oppfølging, uavhengig av kommune.

Tenester og oppfølging

Nav skal bidra til at innbyggarane får dei stønadene dei har krav på, mellom anna etter sosialtenestelova og folketrygdlova.

Dei kommunale tenestene omfattar mellom anna økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogram, opplysning, råd og rettleiing, og gjeldsrådgiving.

Nav Indre Nordmøre skal gi eit samanhengande og heilskapleg tenestetilbod til brukarar med behov for samansette tenester. Kontoret skal ha **«Arbeid først»** som eit sentralt prinsipp og bidra til gode levekår for vanskelegstilte.

Brukarane skal møte serviceinnstilte, engasjerte og kompetente rettleiarar.

Utfordringar og mulegheiter

Ei av dei største utfordringane er å styrke arbeidslinja og bidra til at flest mogleg kjem i aktivitet og arbeid. Arbeid gir ikkje berre ei stabil inntekt, men også sosial tilhøyrsle og betre levekår gjennom deltaking i fellesskapet på ein arbeidsplass.

Ei anna viktig utfordring er oppfølginga av busette flyktningar. Mange har behov for generell bistand og supplerande økonomisk støtte i den første tida, fram til dei kjem i utdanning eller arbeid.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**18 881**	**16 346**	**15 346**	**14 846**
Konsekvensjustert ramme	**18 881**	**16 346**	**15 346**	**14 846**
Ramme 2027-2030	**18 881**	**16 346**	**15 346**	**14 846**

Teknisk drift - VARF

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Teknisk drift - VARF (vatn, avløp, renovasjon og feiing) har ansvar for viktige kommunale tenester som skal sikre innbyggarane trygt drikkevatn, forsvarleg avløpshandtering og førebygging av brann. Arbeidet omfattar drift, vedlikehald, kontroll og utvikling av tekniske anlegg og infrastruktur.

Vatn

Kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vassverk, høgdebasseng og leidningsnett. Målet er å sikre stabil levering av reint og trygt drikkevatn med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet. Dette krev regelmessig overvaking, prøvetaking og kontroll av vassforsyningssystema i samsvar med krava i drikkevassforskrifta.

Avløp

Avløpstenesta omfattar drift og vedlikehald av reinseanlegg, pumpestasjonar og avløpsleidningar. Kommunen skal sørgje for at avløpsvatn blir samla opp, transportert og reinsa på ein forsvarleg måte før det blir sleppt ut i naturen. Vedlikehald og fornying av leidningsnettet er viktig for å redusere lekkasjar og innlekking av framandvatn, og dermed førebyggje forureining og unødvendig belastning på avløpssystemet.

Renovasjon

Renovasjonstenesta omfattar innsamling og handtering av hushaldsavfall og slam frå private avløpsanlegg. I Surnadal blir desse ordningane administrerte av det interkommunale renovasjonsselskapet ReMidt. Kommunen samarbeider med selskapet om ei forsvarleg og miljøvennleg avfallshandtering.

Feiing og tilsyn

Feiing og tilsyn er ein viktig del av det brannførebyggjande arbeidet. Tenesta omfattar feiing av skorsteinar og røykkanalar, tilsyn med fyringsanlegg og rettleiing til innbyggarane om trygg fyring og branntryggleik. Målet er å redusere risikoen for brann i bustader og andre bygg med fyringsanlegg.

Mål for tenesteområdet

Det overordna målet er å sikre stabile, trygge og miljømessig forsvarlege tenester gjennom god drift, systematisk vedlikehald og langsiktig forvaltning av kommunen sin tekniske infrastruktur. Tenestene skal bidra til god folkehelse, redusert forureining, brannførebygging og eit trygt lokalsamfunn.

Utfordringar og mulegheiter

Det er utarbeidd ein ny hovudplan for vatn og avløp som gir kommunen eit godt grunnlag for langsiktig og systematisk arbeid med den tekniske infrastrukturen. Planen er eit viktig styringsverktøy for prioritering av vedlikehald, fornying og investeringar, samtidig som den skal bidra til at kommunen oppfyller gjeldande lover og offentlege krav. Ei sentral utfordring framover blir å sikre tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre nødvendige tiltak og førebygge eit aukande vedlikehaldsetterslep.

Kommunen skal levere trygt drikkevatn av god kvalitet frå alle dei kommunale vassverka. Dette krev kontinuerleg overvaking, kontroll og vedlikehald av både vasskjelder, behandlingsanlegg og leidningsnett. Det er viktig å sikre ei stabil og robust vassforsyning, også ved driftsavbrot og uønskte hendingar. Målretta investeringar og god planlegging vil bidra til å redusere risikoen for driftsproblem og sikre innbyggarane ei trygg vassforsyning også i framtida.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**-10 031**	**-10 031**	**-10 031**	**-10 031**
Sum Lønns- og prisvekst	**169**	**169**	**169**	**169**
Konsekvensjustert budsjett	**169**	**169**	**169**	**169**
Konsekvensjustert ramme	**-9 862**	**-9 862**	**-9 862**	**-9 862**
Tiltak innenfor ramme				
Teknisk Rammejustering, jfr. budsjett Momentum	-145	-145	-145	-145
Sum Tiltak innenfor ramme	**-145**	**-145**	**-145**	**-145**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**-145**	**-145**	**-145**	**-145**
Ramme 2027-2030	**-10 007**	**-10 007**	**-10 007**	**-10 007**

Areal- og naturforvaltning

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Areal- og naturforvaltning har ansvar for kommunale forvaltningsoppgåver og saksbehandling etter plan- og bygningslova og ei rekkje andre sektorlover. Eininga skal bidra til ei god og berekraftig forvaltning av areal og naturressursar, samtidig som ho legg til rette for utvikling av bustader, næringsliv og landbruk i kommunen.

Arbeidsområda omfattar landbruk, miljøvern, arealplanlegging, byggesak, oppmåling og forvaltning av eigedomsregisteret.

Innan landbruk har eininga ansvar for forvaltning av jord- og skogbruksressursar, behandling av tilskotssøknader og rettleiing til aktørar i næringa. Miljøvernarbeidet omfattar mellom anna forvaltning av natur- og miljøinteresser, vilt, vassdrag og motorferdsel i utmark.

Eininga arbeider også med areal- og reguleringsplanar som legg rammer for framtidig bruk og utvikling av areala i kommunen. Byggesaksbehandlinga omfattar søknader om byggetiltak, dispensasjonar og andre saker etter plan- og bygningslova. I tillegg har eininga ansvar for oppmålingsforretningar, eigedomsdeling og oppdatering av matrikkelen, det offentlege eigedomsregisteret.

Gjennom desse oppgåvene skal eininga sikre forsvarleg og føreseieleg saksbehandling, god rettleiing til innbyggarar og næringsliv og ei balansert forvaltning av kommunen sine areal og naturressursar.

Utfordringar og mulegheiter

Areal- og naturforvaltning har ansvar for fleire fagområde der tenesta er sårbar ved fråvær og endringar i kapasitet og kompetanse. Dette kan påverke evna til å levere tenester med rett kvalitet og innanfor forventa saksbehandlingstid. Eininga deltek i faglege nettverk gjennom IKT Orkidé, og eit styrkt tenestesamarbeid mellom kommunane på Nordmøre vil vere viktig framover for å sikre robuste fagmiljø og god kvalitet i tenestene.

Lønsutgifter utgjer den største delen av budsjettet til eininga. Samtidig kjem ein del av inntektene frå saksbehandlingsgebyr innanfor sjølvkostområda plan- og byggesak, oppmåling og seksjonering. Desse

inntektene varierer med aktivitetsnivået i kommunen, noko som gjer det utfordrande å føreseie gebyrinntektene og budsjettere med eit realistisk inntektsnivå frå år til år.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Gjennomføre tiltak i tråd med kommunedelplan for naturmangfald	31.12.2027	-	-	Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø
Gjennomføre tiltak i tråd med plan for grøn mobilitet	31.12.2027	Iht. plan	-	Førebygge klimagassutslepp og sikre mulegheit for karbonopptak
Gjennomføre tiltak i tråd med plan for grøn mobilitet	31.12.2027	Iht. plan	-	God infrastruktur og sirkulær økonomi
Gjennomføre tiltak i tråd med plan for grøn mobilitet	31.12.2027	Iht. plan	-	Levande tettstader og bygder
Gjennomgang av næringsareal	31.12.2027	Iht. plan	-	God infrastruktur og sirkulær økonomi
Informasjonskampanje om framandlista artar	31.12.2027	Ikke startet	-	Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Kartlegge kommunen for ulike typar kulturlandskap	31.12.2027	-	-	Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø
Planvask	31.12.2027	-	-	Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø
Planvask	31.12.2027	-	-	Førebygge klimagassutslepp og sikre mulegheit for karbonopptak
Planvask	31.12.2027	-	-	Levande tettstader og bygder
Planvask	31.12.2027	-	-	Tilpasse oss kilmaendringar og naturfarar
Revidering av retningsliner for SMIL	01.03.2027	-	-	Førebygge klimagassutslepp og sikre mulegheit for karbonopptak
Revidering av retningsliner for SMIL	01.03.2027	-	-	Levande tettstader og bygder
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-
Stimulere til fortsatt høg aktivitet innan jord- og skogbruksnæringa	31.12.2029	-	-	Levande tettstader og bygder
Trafikksikringsplan Øye	31.12.2027	-	-	Levande tettstader og bygder
Utrede tenestesamarbeid for plan, byggesak og oppmåling	31.12.2027	Iht. plan	-	Berekraftig tenesteproduksjon


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**8 251**	**7 718**	**7 218**	**7 218**
Sum Tekniske justeringer	**312**	**312**	**312**	**312**
Sum Lønns- og prisvekst	**23**	**23**	**23**	**23**
Konsekvensjustert budsjett	**334**	**334**	**334**	**334**
Konsekvensjustert ramme	**8 586**	**8 053**	**7 553**	**7 553**
Ramme 2027-2030	**8 586**	**8 053**	**7 553**	**7 553**

Teknisk drift

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Teknisk drift er ei av dei større einingane i Surnadal kommune og har ansvar for eit breitt spekter av kommunale tenester. Dette omfattar mellom anna drift og vedlikehald av kommunale bygg, eigedommar, vegar og grøntområde, reinhald, brann og redning, vatn og avløp og gjennomføring av kommunale byggeprosjekt.

Eininga har også ansvar for utleige og forvaltning av kommunale bustader og eigedommar. Dette omfattar oppfølging av leigeforhold og drift og vedlikehald av eigedomsmassen. Innan byggdrift og reinhald er målet å sikre funksjonelle, trygge og godt vedlikehaldne lokale for kommunale tenester og brukarar.

Drift og vedlikehald av kommunale vegar og parkområde er ein annan viktig del av verksemda. Teknisk drift har dessutan ansvar for kommunal vassforsyning og avløpshandtering, med tilhøyrande tekniske anlegg og leidningsnett. Brann- og redningstenesta omfattar både beredskap, førebyggande brannvern, feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Eininga har ansvar for befalsvakt og teknisk vaktordning for akutte hendingar knytte til mellom anna vegar, vatn og avløp. Vaktordningane er viktige for å sikre nødvendig oppfølging og beredskap også utanom ordinær arbeidstid.

Teknisk drift har aktivitet fleire stader i kommunen, medan den administrative staben har kontor på kommunehuset på Skei. Mannskap frå brann- og feiarvesenet, vaktmeistertenesta og vatn og avløp er samlokaliserte på brannstasjonen i Røtet.

Økonomi og drift

Teknisk drift har eit omfattande driftsbudsjett der lønsutgifter, energi, drift og vedlikehald av kommunale vegar og eigedommar og brann- og redningstenesta utgjer vesentlege kostnader. Tenesteområdet har også ansvar for ei rekkje kommunale investeringar og byggeprosjekt.

Vatn, avløp og andre tenester innan sjølvkostområdet (VARF) blir førte på eige budsjettansvar, ansvar 430, og er skilde frå det ordinære driftsbudsjettet.

Einingа har inntekter frå både intern og ekstern utleige av kommunale bygg og eigedommar. Det er behov for ein gjennomgang av husleigenivået for å sikre at leigene er i samsvar med kommunen sitt vedtak om gjengs leige.

Aktivitetsnivået i einingа har vore høgt over fleire år. Den store breidda i oppgåver stiller krav til god ressursstyring, prioritering av vedlikehald og samordning av drift, investeringar og beredskap. Dette er viktig for å sikre stabile og forsvarlege tenester og ei langsiktig forvaltning av kommunen sine bygg, anlegg og øvrige tekniske infrastruktur.

Utfordringar og mulegheiter

Det er eit stort behov for oppgradering og vedlikehald av kommunale bygg og bustader. Dei stramme økonomiske rammene gjer det nødvendig å prioritere tiltaka og gjennomføre vedlikehaldet i takt med tilgjengelege ressursar.

Planlegginga av det nye Helsehuset er også ein omfattande og krevjande prosess som involverer både Teknisk drift og eigedomsforvaltninga.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**33 363**	**32 000**	**30 355**	**30 355**
Sum Lønns- og prisvekst	**-14**	**-14**	**-14**	**-14**
Konsekvensjustert budsjett	**-14**	**-14**	**-14**	**-14**
Konsekvensjustert ramme	**33 349**	**31 986**	**30 341**	**30 341**
Ramme 2027-2030	**33 349**	**31 986**	**30 341**	**30 341**

Sal av konsesjonskraft

Beskriving av verksemda i dag

Surnadal kommune har rett til 62 GWH konsesjonskraft per år frå vasskraftutbyggingar i kommunen. Konsesjonskraft er kraft som kraftprodusentane er pålagde å stille til disposisjon for vertskommunane som kompensasjon for naturinngrep og ressursutnytting. Ordninga er heimla i konsesjonsvilkåra for vasskraftanlegga, og skal sikre kommunane tilgang til kraft til gunstige vilkår.

Av den samla konsesjonskrafta blir 7 GWH nytta til eige forbruk, medan omlag 55 GWH blir solgt i kraftmarknaden.

Budsjettert inntekt for 2027 på kr 17,2 mill, er basert på inngåtte prissikringsavtalar.


Dette sier vår forvaltar i Svorka om forventningane i marknaden framover:

"Forventinger fremover i NO 3 - Midt-Norge

På kort sikt er NO3 det mest krevende området i Norge å prognosere. Dette kan henge på prisnivået både i nord og sør. Vannlagrene er under normalen, og så lenge disse ikke blir normalisert kan man forvente høyt prisnivå til over vinteren. Men en mild og våt vinter vil presse prisene langt under de markedsprisene man har i dag."

Faste avtalar og tilskot eksterne

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Surnadal kommune har fleire faste avtalar og yter tilskot til eksterne. Nokre avtalar er lovpålagte, medan andre er forankra i politiske vedtak. **Frå 2027 blir alt som er knytt til næring lagt til eit eige ansvar - 141 Næring.**

Nedenfor kjem ei oversikt over kva som ligg innafor ansvar 503:

- Det største tilskotet er tilskot til private barnehagar som er heimla i barnehagelova §19, som sier at *" kommunen har plikt til å finansiere godkjende private barnehagar gjennom offentlege tilskot"*.
  Frå 2027 skal tilskota bereknast etter nasjonale reglar fastsett i lokal forskrift.
- Kommunen medfinansierer VTA-plassar (varig tilrettelagt arbeid), eit arbeidsmarknadstiltak gjennom Nav. Dette er ein del av det offentlege ansvaret for å sikre eit tilrettelagt arbeidstilbod til personar med varig og vesentleg nedsett arbeidsevne. Ordninga fremjar inkludering, meistring og samfunnsdeltaking, og er eit viktig supplement til kommunen sitt tenestetilbod til personar med funksjonsnedsetjingar. Ordninga er organisert gjennom Inkludia.
- Tilskot til Nordmørsmusea. Dette gjeld drift av Åsen bygdemuseum og Diktarheimen Kleiva. Det er eit politisk forankra vedtak knytt til tilskotet.
- Tilskot til Surnadal Alpineigedom AS, for å dekkje rentekostnader på lån til utbygging av snøanlegg. (Dette er eit lån Surnadal kommune har garantiansvaret på.)
- Avtale med krisesenteret i Orkdal og NOK Møre og Romsdal avd. Molde (Norsk senter mot overgrep)
- Oversikten under viser kva lag og organisasjonar som fekk tilskudd i 2026, og kva som er foreslått for 2027.

Kva	Utbetalt				Kommentar (KPI henta frå 2023 tal per april 2026)
	2024	2025	2026	2027	
Faste avtalar (14710)					
Festivalar					
Vårsøghelga	105 000	105 000	105 000	105 000	Fast avtale iflg. F-sak; 5/16 2016
Stangvikfestivalen	60 000	0	60 000	0	Fast avtale iflg. F-sak; 5/16 2016, arr i partalsår
Totalt	***165 000***	***105 000***	***165 000***	***105 000***	
Barn og unge					
Dirigenttilskot til kor/korps	70 000	70 000	35 000	35 000	1 korps
Støtte til 17. mai	21 000	0	0	0	Midlane er teke bort fom. 2025
Totalt	***91 000***	***70 000***	***35 000***	***35 000***	
Statleg sikra friluftsområder; Svissholmen og Kalkstranda – kommunalt forvaltningsansvar					
Årleg drift/vedl. Svissholmen	75 000	75 000	75 000	75 000	Behandla i Formannskapet 16.04.2024 Saknr 25/24: Prisene er angitt i 2023-prisnivå og justeres hvert 5. år etter konsumprisindeksen. **Første justering blir i 2028.**
Refusjon strøm Svissholmen	8 554	6 559	7 000	7 000	Avtale med Stangvik småbåtlag, leverer krav etter avlesing av undermåler.
Servituttavtale Kalkstranda	38 841	40 005	40 900	42 000	I følgje tinglyst avtale KPI regulering opp mot september i 2009. (regnet opp mot KPI prognose på 2,5, ca)
Totalt	***122 395***	***121 564***	***122 900***	***124 000***	
Friluftsliv og folkehelse: tilrettelegging/vedlikehald/løypekjøring					
Turstivedlikehald Telstadfjellet	1 000	1 000	1 000	1 000	Friluftsliv – gammel avtale
Driftstilskot Nordmarka Idrettsenter (Surnadal IL)	150 394	155 400	162 613	167 000	Drift av Nordmarka avtale frå 2007, leige av grunn, bruk av skisenteret og løypekøyring Årleg KPI reg frå 2015 tal (KPI som over)
Løypekjøring IL Søya	20 000	20 000	20 000	20 000	Politisk vedtak: formannskap sak 8/21
Løypekjøring Todalen IL	5 000	5 000	5 000	5 000	Politisk vedtak: formannskap sak 8/21
Løypekjøring ØSIL	5 000	5 000	5 000	5 000	Adm. vedtak og inn i tabellen frå 2024
Løypekjøring Bøfjorden IL	5 000	5 000	5 000	5 000	Adm. vedtak og inn i tabellen frå 2024
Totalt	***186 394***	***191 400***	***198 613***	***203 000***	
Motorsport					
Årleg Driftstilskot Motocross	25 000	25 000	25 000	25 000	Drift av kommunalt leigd grunn
Leige av grunn Motocross	16 172	16 657	16 661	17 000	KPI reg frå 2023 tal
Totalt	***41 172***	***41 657***	***41 661***	***42 000***	
Driftstilskot til interkommunale idrettsanlegg – 20 års avtalar					
Rindalshallen (spelemiddelavh.)	25 000	36 498	34 749	35 700	Opna 2015 (regulert frå driftsresultat) avtalen gjeld til 2035 pga. Spelemiddelordninga - utbetalt
Trollheimen Ridehall (Spelemiddelavh.)	25 000	25 000	25 000	25 000	Opna 2013 avtalen gjeld til 2033 pga. Spelemiddelordninga
Totalt	**50 000**	**61 498**	**59 749**	**61 000**	
Andre årlege driftstilskot					
Surnadal Idrettsråd	10 000	10 000	10 000	10 000	Vedtak og underskrive avtale
Nordmøre Forsvarsforening (Drift av gammelskulen på Åsen)	15 000	15 000	15 000	15 000	(Drift og vedlikehald av gammelskulen på Åsen)
Totalt	**25 000**	**25 000**	**25 000**	**25 000**	
Totalt faste tilskot	***680 961***	***616 119***	***627 791***	***560 000***	


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**17 556**	**17 661**	**17 866**	**18 071**
Konsekvensjustert ramme	**17 556**	**17 661**	**17 866**	**18 071**
Ramme 2027-2030	**17 556**	**17 661**	**17 866**	**18 071**

PPT Indre Nordmøre

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

PPT Indre Nordmøre er ei interkommunal pedagogisk-psykologisk teneste for kommunane Rindal, Tingvoll, Sunndal og Surnadal, med Surnadal som vertskommune. Tenesta vart etablert 1. august 2024 gjennom ei samanslåing av Sunndal og Tingvoll PPT og Surnadal og Rindal PPT.

PPT samarbeider med barnehagar og skular om førebyggande arbeid og tidleg innsats, med mål om å sikre trygge, gode og inkluderande læringsmiljø. Tenesta skal bidra til at alle barn og elevar får moglegheit til å utvikle seg og lære ut frå sine eigne føresetnader. PPT er også sakkunnig instans når barn og elevar har behov for særskild tilrettelegging av barnehage- eller skuletilbodet.

Status

Tenesta har 10 tilsette, tilsvarande 10 årsverk, inkludert einingsleiar. Dei tilsette har kontor i Familiens hus på Skei og på rådhuset på Sunndalsøra.

PPT samarbeider med alle barnehagane, grunnskulane og dei vidaregåande skulane i dei fire kommunane, til saman over 30 einingar.

Den kommunale delen av tenesta omfattar 7,15 årsverk med PP-rådgivarar. I tillegg kjøper fylkeskommunen tenester tilsvarande 1,75 årsverk til dei tre vidaregåande skulane i samarbeidskommunane.

Utfordringar og mulegheiter

Utfordringar

Kapasitet og ventetid

Hovudutfordringa etter samanslåinga til ei felles PP-teneste har vore kapasitetsproblem knytte til eit etterslep av tilviste saker frå Sunndal og Tingvoll. Arbeidet med å redusere etterslepet har ført til at det no er ventetid for oppstart av nye saker frå alle dei fire samarbeidskommunane.

Utvikling av ei felles teneste

Kapasitetsutfordringane har også påverka arbeidet med å utvikle PPT Indre Nordmøre som ei samla eining. Det gjeld mellom anna etablering av felles praksis, utvikling av eit felles fagmiljø og gode strukturar og rutinar for samarbeid med andre tenester innan oppvekst.

Dette utviklingsarbeidet er godt i gang, men det står framleis att arbeid før tenesta har fått på plass alle dei ønskte strukturane og arbeidsformene.

Balansen mellom førebygging og individretta arbeid

Det er ei vedvarande utfordring å finne rett balanse mellom førebyggande og systemretta samarbeid med barnehagar, skular og andre tenester rundt barna, og det individretta arbeidet med tilviste barn og elevar.

Desse arbeidsområda heng tett saman. Når kapasiteten til førebyggande arbeid blir redusert, kan det på sikt føre til større behov for individuell oppfølging og utgreiing. Samtidig kan stor pågang av enkeltsaker redusere handlingsrommet for førebyggande innsats.

Stram kommuneøkonomi og behov for tilrettelegging

Den stramme kommuneøkonomien påverkar handlingsrommet til barnehagar og skular og kan redusere moglegheitene for fleksibilitet og tilpassing innanfor det ordinære tilbodet.

Dette kan føre til at fleire barn og elevar blir tilviste til PPT for utgreiing av behov for særskilde tilretteleggingstiltak. Ei slik utvikling vil vere i strid med intensjonane i lovverket, som legg vekt på førebygging, tidleg innsats og systemretta samarbeid. Målet er at fleire barn skal få den støtta dei treng innanfor det ordinære tilbodet, slik at behovet for særskilde tiltak blir redusert.

Moglegheiter

Eit større og sterkare fagmiljø

Etableringa av ei felles interkommunal PP-teneste gir moglegheit til å bygge eit større og meir robust fagmiljø. Ved å samle kompetansen på tvers av kommunane kan tenesta utvikle og oppretthalde nødvendig fagkompetanse innanfor dei ulike arbeidsområda til PPT.

Erfaringsdeling og felles praksis

Samarbeidet mellom dei fire kommunane gir gode moglegheiter for å dele erfaringar, lære av kvarandre og vidareutvikle arbeidsmåtar basert på det som fungerer godt.

Dette gjeld både det faglege arbeidet i PPT og det tverrfaglege samarbeidet med barnehagar, skular og andre tenester. Gjennom felles praksis og systematisk utviklingsarbeid er målet å sikre god kvalitet og likeverdige tenester for barn og elevar i alle samarbeidskommunane.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Delta i Rett hjelp tidleg Barnehage	31.12.2027	Iht. plan	-	God kvalitet på våre tenester i henhald til krav og behov
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Redusere ventetid for oppstart av henviste saker	31.12.2027	Forsinket	-	God kvalitet på våre tenester i henhald til krav og behov
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**3 467**	**3 467**	**3 467**	**3 467**
Sum Vedtak forrige periode	**-61**	**-61**	**-61**	**-61**
Sum Lønns- og prisvekst	**20**	**20**	**20**	**20**
Konsekvensjustert budsjett	**-41**	**-41**	**-41**	**-41**
Konsekvensjustert ramme	**3 426**	**3 426**	**3 426**	**3 426**
Ramme 2027-2030	**3 426**	**3 426**	**3 426**	**3 426**

Surnadal og Rindal kulturskule

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag



Frå den nye amfiscena på kulturhuset. Foto: Surnadal kommune

Surnadal og Rindal kulturskole er ein interkommunal kulturskole for Surnadal og Rindal organisert som vertskommunesamarbeid med felles folkevalt nemd etter §20-3 i «Lov om kommunar og

fylkeskommunar». Surnadal er vertskommune. Undervisninga skjer hovudsakleg i den enkelte kommune. Kontorlokala er på Surnadal kulturhus.
Kulturskolens samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslovens paragraf § 13-6: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.» Rammeplan for kulturskolen "Kulturskole for alle" er førande for drifta.

Lokal læreplan for Surnadal og Rindal kulturskole, basert på rammeplana for kulturskoler seier meir om korleis vi organiserer tilboda.

Frå januar 2026 fekk eininga felles einingsleiar med kulturavdelinga. Einingsleiar har rektorfunksjonen og deler av arbeidsoppgavene til rektor er fordelt på konsulent/sekretær.
Samarbeidet med kulturavdelinga er godt. Vi har felles skranke for publikumsmottak. Betre samarbeid gir større eigarskap til oppgavene og felles forståing for samfunnsoppdraget.

Status:

- Pr 01.01.2020 vart vi Surnadal og Rindal kulturskole der Surnadal kommune har vertskommuneansvar for Rindal.
- Vi leverer gode tenester innafor dei rammene vi har.
- Det er relativt stabile elevtal dei siste åra. Men eit kraftig fall i elevsøknaden på blåseinstrument.
- Vi har god utvikling på gruppene i Rindal og gruppefaga har stabile og gode grupper.
- Kulturskolen skal vere ein tilgjengelig arena i born og unge sitt liv, for kunst- og kulturopplevingar, for personleg, sosial og kunstnarisk vekst og utvikling.

Utfordringar og mulegheiter

Eit utfordrande år med 10% reduksjon i ramma



Utfordringar

- Ha rom for å utvikle både bredde og fordjupningstilbod i tråd med rammeplan og lokal læreplan.

- Behalde og rekruttere kompetent personale i ein liten skole med fleire deltidsstillinger. Utfordrande å skaffe vikarer i dei ulike faga pga stor grad av spesialisert kompetanse.
- Finne felles møtepunkt for lærarar med små stillingar slik at alle blir deltakande i eit lærande profesjonsfellesskap.
- Tilby attraktive tenester til samarbeidsaktører innan kommune og fritidskulturliv er vanskeleg utan å auke staben.
- Vi fikk ikkje tilsett ny messingblåslærar. Dette samstundes som korpsrekrutteringa er veldig vanskeleg gjer at vi mister ein viktig del av fagtilbodet. Med så lågt elevtal på treblås har vi satt leieavtalen med Sunndal kulturskole på vent.

Mulegheiter:

- Vi ønsker å videreutvikle einingа til eit profesjonelt læringsfellesskap.
- Dersom vi ikkje får søkarar på vakante stillinger må vi heller legge ressursen inn i område der det er behov. Samarbeidsstilling med skule, helse for å møte nye krav er aktuelt.
- Arbeide mot å vere ein naturleg samhandlingsaktør med øvrige einingar, frivillige lag og organisasjoner
- Gjennom medlemskap i Kulturskolerådet får vi hjelp til å tilpasse oss framtida i tråd med intensjonane i rammeplan for kulturskole.
- Gjennom regionale kulturskolenettverk for både lærarar og leiarar i fylket får vi drahjelp til fagleg oppdatering.
- Det er viktig å ha gode nettverk å samarbeide med da vi er ei lita eining med spesialisert fagkompetanse.
- Gjennom eit godt tilbod til kommunens innbyggarar er vi med på å fremme bulyst og bygge levande lokalsamfunn.
- Bygge kompetanse i skolen til å fylle rollen som et lokalt ressurssenter for kunst og kultur.
- Ha ressursar nok til å vere med på å skape framtidas kulturskole.
    - Regjeringa si melding til Stortinget om barne og ungdomskultur inneheld sterke intensiv om at kulturskolen skal samhandle med øvrige aktørar i felta omkring born og unge.
    - Dette i tråd med Den nasjonale rammeplan for kulturskolen, “Mangfold og fordypning”
    - Strategiplana for praktisk og estetisk innhald i barnehage, skole og lærarutdanning. “Skaperglede, engasjement og utforskartrang”
    - KS si satsing påframtidas kulturskole og kulturskolen som samskapingsaktør.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Kulturskolen skal være sentral i danningsarbeidet med born og unge	31.12.2027	-	-	Alle skal oppleve livsmeistring
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**3 165**	**3 165**	**3 165**	**3 165**
Sum Lønns- og prisvekst	**11**	**11**	**11**	**11**
Konsekvensjustert budsjett	**11**	**11**	**11**	**11**
Konsekvensjustert ramme	**3 176**	**3 176**	**3 176**	**3 176**
Ramme 2027-2030	**3 176**	**3 176**	**3 176**	**3 176**

Kyrkjeleg fellesråd

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Beskriving av verksemda i dag

Du kan lese meir om kyrkjene i Surnadal kommune her: https://www.surnadal.kyrkja.no/

Den norske kyrkja er i hovudsak finansiert gjennom statlige og kommunale tilskot. Det statlege utgiftsansvaret for kyrkja gjeld primært prestetenesten og verksemnda ved dei regionale og nasjonale organa. Det kommunale tilskotet går til å dekke utgiftene til den lokale kyrkja.

Trossamfunnslova § 14 seier følgande om kommunenes ansvar:

"Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.

Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i kirkebygg og tilhørende varige driftsmidler.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**7 221**	**7 221**	**7 221**	**7 221**
Konsekvensjustert ramme	**7 221**	**7 221**	**7 221**	**7 221**
Ramme 2027-2030	**7 221**	**7 221**	**7 221**	**7 221**

Indre nordmøre barnevernstjeneste

Beskriving av verksemda i dag

Indre Nordmøre barneverntenesteste er eit interkommunalt samarbeid mellom Rindal, Tingvoll, Sunndal og Surnadal, med Surnadal som vertskommune. Tenesta har kontor både i Surnadal og Sunndal.

Hovudoppgåva til barneverntenesta er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa eller utviklinga deira, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Tenesta skal, i samarbeid med andre kommunale tenester, bidra til at barn og unge får trygge og gode oppvekstvilkår.

Barnevernsreforma og samarbeid

Frå 1. januar 2022 fekk kommunane eit større fagleg og økonomisk ansvar på barnevernsområdet gjennom barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma. Reforma legg vekt på førebygging, tidleg innsats og betre samordning av tenestene rundt barn og familiar.

Dette inneber at barneverntenesta skal ivareta oppgåvene sine etter barnevernslova, samtidig som andre kommunale tenester har eit viktig ansvar for førebygging og tidleg oppfølging. Indre Nordmøre barneverntenesteste deltek i arbeidet gjennom Oppvekstnettverk Nordmøre, som har som mål å vidareutvikle og styrke samarbeidet mellom tenestene.

Arbeidet i barneverntenesta stiller store krav til faglege, juridiske og etiske vurderingar. Barn, unge og familiar sin rett til medverknad er sentral og er ytterlegare styrkt gjennom barnevernslova som tok til å gjelde 1. januar 2023.

Behovet for tiltak kan oppstå raskt og er vanskeleg å føreseie, noko som skaper økonomisk uvisse gjennom året. Særleg tiltak der barn ikkje kan bu heime hos foreldra, kan medføre store kostnader.

Oppvekstreforma legg vekt på at fleire barn skal få nødvendig hjelp i eigen familie. Dette føreset godt samarbeid mellom tenestene og eit variert tilbod av hjelpetiltak i kvar kommune.

Økonomi og drift

Indre Nordmøre barneverntenesteste blir driven med vekt på kostnadseffektiv ressursbruk. Samtidig kan behovet for barnevernstiltak variere gjennom året, både i omfang og kostnader. Dette gjer det krevjande å føreseie dei økonomiske behova og planlegge budsjettet.

Utfordringar og mulegheiter

Barneverntenesta har ei stor arbeidsmengde, både som følge av aukande saksmengd og fordi mange av sakene er alvorlege og komplekse. Talet på undersøkingar har auka betydeleg dei siste åra, og fleire saker blir behandla i rettssystemet. Dette krev mykje tid og kapasitet frå saksbehandlarane. Samtidig stiller arbeidet høge krav til dokumentasjon, faglege vurderingar og grundig saksbehandling.

Samfunnsutviklinga påverkar også situasjonen til familiane som barneverntenesta er i kontakt med. Mellom anna kan ein vanskelegare økonomisk situasjon bidra til auka belastningar og større behov for hjelp og oppfølging. Tenesta ser behov for fleire konkrete og tilpassa tiltak for barn og unge med ulike

utfordringar. Dette krev både fagleg utvikling og økonomisk handlingsrom til å etablere nye tiltak, også i lys av ansvaret kommunane har fått gjennom oppvekstreforma.

Ei sentral utfordring framover er å styrke det førebyggande arbeidet retta mot utsette barn, unge og familiar. Tidleg innsats og gode hjelpetiltak kan bidra til å hindre at utfordringar utviklar seg til meir alvorlege problem. Dette føreset tett samarbeid med andre kommunale tenester og relevante instansar, slik at barn og familiar får rett hjelp til rett tid.

Barneverntenesta har også behov for ei akuttbustadløysing som følge av mangel på tilgjengelege beredskapsheimar gjennom Bufetat. Dette er viktig for å kunne handtere akutte situasjonar der barn har behov for rask og trygg plassering.

Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Kartlegge behov for eigenberedskap i 7 dagar innanfor eiga eining	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Oppdatere Plan for sosial- og helsemessig beredskap	31.12.2027	-	Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalysar for strategisk infrastruktur	Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-


Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**57 626**	**57 626**	**57 626**	**57 626**
Sum Lønns- og prisvekst	**224**	**224**	**224**	**224**
Konsekvensjustert budsjett	**224**	**224**	**224**	**224**
Konsekvensjustert ramme	**57 850**	**57 850**	**57 850**	**57 850**
Tiltak innenfor ramme				
Teknisk Rammejustering, jfr. budsjett pr. kommune	4 236	4 236	4 236	4 236
Sum Tiltak innenfor ramme	**4 236**	**4 236**	**4 236**	**4 236**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**4 236**	**4 236**	**4 236**	**4 236**
Ramme 2027-2030	**62 086**	**62 086**	**62 086**	**62 086**

Indre Nordmøre barnevernstjeneste avd. Surnadal

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Frist	Status	Strategi	Mål
Innfasing av ny personalplan	31.12.2027	-	-	-
Innfri tiltaka i Fase 2 - Surnadal inn i framtida	31.12.2027	-	-	-
Sikre innfasing av påkobla kvalitet	31.12.2027	-	-	-

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**16 557**	**16 557**	**16 557**	**16 557**
Konsekvensjustert ramme	**16 557**	**16 557**	**16 557**	**16 557**
Ramme 2027-2030	**16 557**	**16 557**	**16 557**	**16 557**